




Fjord
kommune

Kunnskapsgrunnlag

Kommuneplanen sin

samfunnsdel 2021 – 2032



Innhald

1. Samarbeid om å nå måla	5
Hovudtrekk.....	5
Nasjonale og regionale forventingar	6
2. Berekraftsindikatorar	8
Flyttestraumar	9
Folkehelseundersøkinga 2021	10
FN sine berekraftsmål – miljødimensjonen	11
3. Miljøvenleg liv og produksjon	11
Hovudtrekk.....	11
Klimakur 2030	11
Klimaavtrykk.....	12
Klimagassutslepp	12
Direkte utslepp i Fjord kommune	13
Klimafotavtrykk – kommunale innkjøp.....	14
Det offentlege si rolle.....	14
Næringslivet si rolle	15
Naturmangfald	15
Vatn	16
Avfall	16
Hushaldningsavfall	17
Transport og trafikk	18
Bil	18
Kommunale vegar	19
Bruer og kaier.....	19
Ferje	19
Bilar og maskinpark.....	20
Jordbruk	20
Skogbruk	21
Hjortevilt	22
Havbruk.....	22
Fly.....	23
Energi – kraftforsyning, fornybar energi, hydrogen og olje og gass.....	23
4. Samfunnstryggleik, beredskap og klimatilpassing	25
Hovudtrekk.....	25
Fjord kommune skal vere ein trygg kommune å bu og ferdast i	25
Klimaendringar vil påverke samfunnstryggleiken.....	26
Teknisk infrastruktur og digital sårbarheit.....	27

Kjelder	28
FN sine berekraftsmål – sosial og kulturell dimensjon	29
5. Befolkningsutvikling	29
Hovudtrekk.....	29
Befolkninga i Møre og Romsdal	29
Befolkninga i Fjord	30
Kjelder	33
6. Barnehage og skule	34
Hovudtrekk.....	34
Barnehage	34
Grunnskulen.....	35
Kulturskulen	35
Kulturskulen har no.....	35
Vaksenopplæring	36
Kjelder	36
7. Utanforskap, likestilling og inkludering.....	37
Utanforskap er eit aukande problem.....	37
Likestilling.....	37
Tradisjonelle utdannings- og yrkesval.....	38
Universell utforming	39
Integrering – flyktingar og innvandrarar.....	39
Barnevern.....	40
Låginntekt	40
Deltaking i frivillig verksemd og kulturliv	40
Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken.....	41
Kjelder	41
8. Kommunal planlegging	42
Hovudtrekk.....	42
Kommunen som samfunnsutviklar	42
Arealplanlegging og -forvaltning.....	43
Arealbruk.....	43
Næringsareal	44
Tettstadutvikling	44
Bustader, bustadmarknad og bustadpolitikk.....	44
Busetting og bustadbehov	44
Fritidsbustader	44
Kommunale bustader.....	45
Eldreomsorg og bustadplanlegging.....	45

Bustadsosialt arbeid.....	46
Kjelder	46
9. Kultur, idrett og frivillig innsats.....	47
Hovudtrekk.....	47
Kultur – ei drivkraft for å utvikle gode lokalsamfunn	47
Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	47
Bibliotek	48
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	48
Anlegg	49
Frivillig arbeid.....	50
Kjelder	50
10. Helse og omsorg.....	51
Hovudtrekk.....	51
Kommunen sitt ansvar	51
Utviklingstrekk	52
Kjelder	54
11. Folkehelse	55
Status	55
Kjelder	56
12. Demokrati og medverknad	57
Hovudtrekk.....	57
Valdeltaking	57
Barn og unge sin representant.....	58
Kjelder	59
FN sine berekraftsmål – Økonomisk dimensjon	60
13. Verdiskaping, innovasjon og teknologi	60
Hovudtrekk.....	60
Digitalisering	60
Verkemiddelapparat	61
Kjelder	61
14. Arbeidsmarknad, pendling og næringsstruktur	62
Hovudtrekk.....	62
Næringsstruktur i Fjord kommune.....	63
Arbeidsplassdekning	63
Arbeidsmarknad og sysselsetting	64
Nyetableringar	64
15. Innbyggerundersøking	65

1. Samarbeid om å nå måla



Hovudtrekk

Status

- Fjord kommune er ein ny kommune som skal finne si retning framover.
- Vi vert påverka av det som skjer i samfunnet rundt oss, og det er aukande behov for plansamarbeid.
- Har forbedringspunkt innan offentleg sektor i Møre og Romsdal sjølv om det er mykje bra samarbeid.

Utfordringar

- Vi har ikkje ein tydeleg næringspolitikk og samhandlingsarenaer med næringslivet må vidareutviklast.
- Vi treng å stabilisere innbyggjartalet, og få folk til å ville bu her.
- Vi treng varierte arbeidsplassar.
- Vi har ikkje god nok kommunikasjon mellom bygdene.

Mulegheiter

- Utvikle fellesskapskjensle og støtte opp under ulike satsingar.
- Utvikle samarbeid og fellessatsingar mellom offentlege aktørar.
- Planmessig utvikling av lokalsamfunnet.
- Skape bulyst og begeistring.

Kunnskapsgrunnlaget summerer opp sentrale forventningar, utfordringar, fakta og utviklingstrekk for Fjord kommune. Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd som eit grunnlag for kommuneplanen sin samfunnsdel.

Dokumentet speglar sentrale utfordringar for kommunen:

- Klima og miljø; korleis sikre smart og berekraftig stadutvikling i møte med klima- og miljøutfordringane?
- Folkehelse; korleis skal vi arbeide for å fremme befolkninga si helse, førebyggje og beskytte mot sjukdom og helsetruslar, og motverke ei ujamn fordeling av risikofaktorar i samfunnet?
- Tenesteutviklings- og innovasjon; korleis møter kommunen demografiendringane, endringar i omsorgsbyrden og ein svakare nasjonal økonomisk vekst
- Næringsliv; korleis kan kommunen vere ein strategisk og konstruktiv samarbeidspart for næringslivet i regionen

Med utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel skal kommunen utarbeide og vedta overordna strategiar for desse fire områda. Strategiane vil konkretisere korleis kommunen skal jobbe for å møte dei fire store utfordringsbileta. Dette inneber også ei vidareutvikling av dette kunnskapsgrunnlaget.


Nasjonale og regionale forventningar

Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd og organisert med grunnlag i FNs 17 berekraftsmål, og dei tre dimensjonane desse er inndelt i:

- Miljødimensjon
- Sosial- og kulturell dimensjon
- Økonomisk dimensjon

Det er samanhengen mellom dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig. Innsatsen for å stoppe klimaendringane og betre miljøet heng tett saman med ressursfordeling og økonomisk utvikling, og kan ikkje sjåast uavhengig av kvarandre.

Fjord kommune skal legge FN sine berekraftsmål til grunn for all planlegging. Arbeidet med å integrere berekraftsmåla i kommunen er eit kontinuerleg arbeid. Informasjon, opplæring og tilpassing til dei einskilde verksemdene sine ansvarsområde vil vere i fokus i åra som kjem.



Berekraftsdimensjon	Satsingsområde for Fjord kommune
• Sosiale forhold • Miljø og klima • Økonomi	• Livskvalitet for innbyggjarane • Berekraftig miljø • Vekstkraftig samfunn

Forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa legg til grunn at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa definerer fire område der dei kjem med forventningar til kommunane. Nedafor er desse lista opp, med nokre av dei sentrale punkta for kvart område:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
 - FNs berekraftsmål skal ligge til grunn for kommunens samfunns- og arealplanlegging.
 - Kommuneplanens samfunnsdel skal gje strategisk retning til samfunnsutviklinga.
 - Planlegginga skal være kostnadseffektiv både for private og offentlege aktørar.
 - Bruke digitale løysningar for å effektivisere planprosessane og lette tilgang til plandata.
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
 - Kommunane skal legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling.
 - Kommunane skal stimulere til grønn omstilling, innovasjon, vekst i nye arbeidsplassar og eit inkluderande arbeidsliv.
 - Kommunane skal ta omsyn til viktig naturmangfald, friluftsområde, overordna grønnstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap.
 - Kommunane skal beskytte sine drikkevasskjelder for å avgrense behovet for reinsing ved produksjon av drikkevatt.

- Berekraftig areal- og transportutvikling
 - Fylkeskommunane og kommunane skal legge til rette for vekst og utvikling i kompakte og klart avgrensa byområde gjennom regionale bustad-, areal- og transportplanar.
 - Kommunane skal legge til rette for høg arealutnytting i byområda gjennom fortetting og transformasjon.
 - Kommunane skal legge til rette for sykling og gange i byar og tettstadar.
 - Kommunane skal legge til rette for eit effektivt transportsystem på tvers av kommunegrenser.
- Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve
 - Universell utforming leggst til grunn i planlegging av omgjevnader og bustadområde.
 - Kommunane skal ha ein aktiv og heilskapleg areal- og sentrumspolitikk.
 - Bustadpolitikk og bustadplanlegging skal vere ein integrert del av kommunen sin strategi for samfunns- og arealutvikling.
 - Kommunen skal ta bustadsosiale omsyn i samfunns- og arealplanlegginga.
 - Kommunane skal ivareta byromma og blå/grøn infrastruktur.
 - Kommunane skal legge til rette for aldersvennlege samfunn.
 - Kommunane skal ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga og sikre trygge og helsefremmande by- og bumiljø.

Universell utforming

Livskvalitet for innbyggjarane handlar om å utvikle eit sosialt og berekraftig samfunn som er bygd på likeverd, rettferd og respekt - og å inkludere, i eit samfunn som er trygt for alle, og der alle kan oppleve å høyre til. Universell utforming handlar om å skape gode og inkluderande samfunn der alle kan delta, med tilgang for alle til offentlege uterom, møteplassar og bygningar.

Universell utforming må vere ein del av areal- og transportplanlegginga. Engasjement og innspel frå innbyggjarar og andre har stor verdi for planarbeidet. Lokalkunnskap, informasjon om behov, utfordringar og løysningar vil bidra til ein betre plan, og vil gi eit breiare politisk grunnlag å fatte vedtak på.

IKT-løysingar skal vere universelt utforma. Både private og offentlege verksemder, lag og organisasjonar må følge regelverket.

Informasjon- og kommunikasjonsteknologien er i stadig utvikling. Dette vil føre til store endringar i åra som kjem. Det er viktig å utvikle og ta i bruk nyttige, digitale løysningar, og sette innbyggjarane og medarbeidarar i stand til å bruke kvardags- og velferdsteknologien.

2. Berekraftsindikatorar



Fjord kommune gjennomførte hausten 2020 ei kartlegging av 107 indikatorar som måler kommunen sin status i høve til FN sine berekraftsmål.

Arbeidet var organisert gjennom prosjektet [Berekraftfylket Møre og Romsdal](#) i samarbeid med FN-organisasjonen United for Smart Sustainable Cities (U4SSC). Alle kommunane i fylket har no gjennomført den same kartlegginga. Indikatorane måler ulike sider av samfunnet, så fleire av dei gjeld faktorar som Fjord kommune har lite styring og påverknad på. Analyserapporten gir altså meir ein status på Fjord som område, enn på Fjord kommune som organisasjon.

Ein indikator gir ikkje ein fasit på status på de ulike områda, men kan indikere område der kommunen gjer det bra eller dårleg målt opp mot ein internasjonal målestokk. For fleire av indikatorane finst det ikkje data tilgjengeleg for Fjord, då er det brukt regionale eller nasjonale data. For kvar indikator er det sett ein internasjonal benchmark av FN, som gir grønt, gult eller raudt resultat. Ein vil alltid strekke seg etter eit grønt resultat.


Det er område der vi tenkjer at vi har utfordringar, men der vi likevel gjer det godt sett i høve til andre land. På same måte kan det vere område der vi er fornøgd med eigen innsats, medan det i internasjonal målestokk er stort rom for forbedring. Grunnar til dette kan vere at Norge er eit rikt land med høge krav til tenester og at vi er ein liten kommune med andre utfordringar enn internasjonale metropolar.

Kartlegginga som er gjennomført vil gi oss den første analyserapporten for kommunen vår, og vi er i startgropa på eit arbeid som vil utvikle seg over tid. Analyserapporten vart offentleggjort i mai 2021. I samband med dette vart det også offentleggjort ein fylkesrapport som er meir omfattande enn kommunerapportane. Denne er utforma slik at kommunane kan bruke den til meir detaljert analyse av indikatorane og til samanlikning mellom kommunar.

- Av de 107 indikatorane rapporterte Fjord på 93 (den ytste ringen i berekraftshjulet).
- Indikatorane er sett saman i 23 kategoriar (den midtarste ringen)
- Kategoriane er sett saman i tre dimensjonar (den inste ringen).

Fjord kjem ut på grønt nivå (66-95 % måloppnåing) for dei to dimensjonane samfunn og miljø, og på oransje nivå (33-66 % måloppnåing) for den økonomiske dimensjonen. Samla sett er det eit godt resultat.

Dimensions, Categories & KPIs



<https://www.itu.int/en/ITU-T/ssc/united/Pages/publication-U4SSC-KPIs.aspx#citysnapshot>

Flyttestraumur

9

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ny-utredning-om-demografiutfordringer-i-distriktene/id2789581/>

På bakgrunn av dette har media i 2021 sett fokus på flyttestraumar gjennom ein artikkelserie som heiter Folkevandringa. Det handlar om at mange flyttar frå distrikta og inn til byane og korleis nokre bygder er i ferd med å døy. Fjord er ein slik distriktskommune med sakte nedgang i folketalet, og lokalavisa Storfjordnytt har også hatt reportasjar om dette som er nyttige i det vidare arbeidet.

<https://www.nrk.no/emne/folkevandringa-1.15455567>

Folkehelseundersøkinga 2021

Undersøkinga vart gjennomført av Folkehelseinstituttet i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune i februar 2021. 25 000 innbyggjarar svarte. Hovudfunna er at fleirtalet opplever si eiga helse som god, dei trivst i nærmiljøet og er fornøgde med livet. Men det er tydelege skiljelinjer knytt til alder og utdanning; dei eldre og dei med lang utdanning er meir fornøgde enn dei yngre og dei med kort utdanning. Kvinner i den yngste aldersgruppa skårar høgt på psykiske plager. Kvinner kjem betre ut enn menn når det gjeld kosthald, fysisk aktivitet og fedme. Dei største regionale skilnadane gjeld tilgang på servicetilbod og fasilitetar. Folk på nordre Sunnmøre, som Fjord høyrer til, opplever dårleg tilgjenge på gang- og sykkelveggar.

<https://mrfylke.no/kultur-folkehelse-og-tannhelse/folkehelse-idrett-og-friluftsliv/folkehelseundersoekinga-2021>

Folkehelseundersøkinga for fylket har også gitt oss kommunevise svar. Sett i høve til dei andre kommunane kan det sjå ut som at Fjord kjem spesielt dårleg ut på trivsel i nærmiljøet, kulturtilbod, offentleg transport, psykiske plager, einsemd og framtidsoptimisme. Tala må likevel behandlast varsamt, då det er ei mindre gruppe som er spurt der små tal kan gi store utslag.

<https://mrfylke.no/naering-og-samfunn/statistikk-analyse-og-kart/folkehelsestatistikk>

FN sine berekraftsmål – miljødimensjonen

3. Miljøvenleg liv og produksjon

Kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål nummer 6, 7, 12, 13, 14, 15 og 17



Hovudtrekk

Status

- Utslepp av klimagassar har aldri vore høgare, men i Fjord kommune har dei totale utsleppa gått ned med 18,9 % mellom 2009 og 2019.
- Naturressursar og naturen er under press, fleire og fleire naturtypar står i fare for å forsvinne.
- Det offentlege Noreg kjøper inn varer og tenester for om lag 500 mrd. kr årleg.
- Globale klimaendringar og -utfordringar krev omstilling, og vekst og utvikling må skje innanfor tolegrensene til naturen.

Utfordringar

- Klimaendringane trugar eksistensgrunnlaget vårt.
- Klima- og miljøbelastninga frå offentlege innkjøp er på rundt 14 prosent av det totale klimafotavtrykk til Noreg.
- Menneskeleg inngrep – nedbygging og fragmentering av areal gir størst tap av artar.
- Marin forsøpling og mikroplast er ei av dei største avfallsutfordringane.
- Klimavenlege løysingar taper ofte i konkurranse med andre løysingar.
- Det er manglande oversikt over og manglande plansystem for å løyse klimautfordringane i kommunen.

Moglegheiter

- Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp, og for å hindre tap av naturmangfald.
- Bestillerkompetanse og bruk av innovative innkjøp er ein viktig pådrivar mot det grønne skiftet.
- Vidareutvikle sirkulærøkonomi med gjenbruk, gjenvinning og ressursutnytting.
- Samarbeid og samskaping mellom det offentlege, sivilsamfunnet, næringslivet og akademien.
- Livsstilval og forbruk er eit sentralt innsatsområde for å redusere utslepp – vi må engasjere innbyggjarane.
- Utvikle ein heilskapleg politikk for klima, miljø og naturmangold med klare prioriteringar.
- Legge til rette for berekraftige transportløyser.
- Arbeide heilskapleg og systematisk for å utvikle tenester med fokus på berekraft og klimaavtrykk.
- Redusere klimautslepp for kulturbygg og bygg/anlegg for fysisk aktivitet.
- Bytte ut bilparken med el-bilar og etablere flåtestyring for kommunale bilar og maskiner.

Klimakur 2030

Klimaomstilling er ein naudsynt føresetnad for berekraftig utvikling og gjennomføring av FN sine berekraftsmål. «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023»

understrekar at fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og realisering av berekraftmåla i Noreg. Dei er nærast befolkninga, lokale bedrifter og organisasjonar. Samstundes er dei ansvarleg for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekår og utviklingsmoglegheiter for befolkninga ([Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#)).

Kommunen kan i si rolle som samfunnsutviklar, styresmakt, tenesteytar, innkjøpar, eigar og driftar påverke ulike klimatiltak. Enten fordi vi er pådrivarar og tilretteleggjarar, eller fordi vi kan hindre gjennomføring av tiltak ([Klimakur 2030](#)).

Strategisk bruk av innovative innkjøp, heilskapleg samfunns- og arealplanlegging (inkl. energiplanlegging) og det store potensialet som ligg i kommunen si rolle som samfunnsutviklar blir løfta fram som moglegheiter i åra som kjem (Klimakur 2030). Det same gjeld innføring av klare krav til rapportering og systematisk integrering av klimaomsyn i kommunale beslutningssystem. Utslepp frå eiga verksemd kan kommunen i stor grad påverke sjølv, til dømes utslepp frå egne køyretøy, energiforsyning i egne bygg og gjennom klimakrav i innkjøp. Det største potensialet for å bidra til utsleppsreduksjonar har kommunen gjennom å påverke gjennomføring av klimatiltak hos andre aktørar.

Klimaavtrykk

Noreg var ein pådrivar for å vedta berekraftmåla i 2015. Stadig fleire kommunar arbeidar intensivt for å implementere berekraftmåla i sine planar og verksemdar. Fjord kommune ønskjer å vere ein pådrivar og føregangskommune innan smart og berekraftig utvikling.

Miljødimensjonen handlar om å ta vare på naturen som ein fornybar ressurs for menneska, og må sjåast i samanheng med berekraftig sosial og økonomisk utvikling. Måla- og delmåla som er knytt til miljødimensjonen handlar om å stanse klimaendringane, ta vare på liv på land og liv i havet, og å sikre reint vatn som ressurs for alle.

Som samfunnsaktør og lokalmynde kan kommunen bidra til haldningsendring og bevisstgjerings, og legge til rette for gode løysingar som gjer det lett for den einskilde å velje berekraftig. Kommunen kan regulere åtferd gjennom sanksjonar og krav til omgjevnadane, både overfor innbyggjarane, næringslivet og som eigar. Som organisasjon har kommunen stor marknadsmakt og er ein stor forbrukar av varer, tenester og energi. Kommunen har ikkje minst eit særskilt ansvar for areal og samfunnsplanlegginga, eit grunnleggjande verktøy for smart og berekraftig planlegging og utvikling. Fjord kommune innfører Klimabudsjett i samband med kommunebudsjettet for 2021. Klimabudsjett er eit styringsverktøy for å oppnå klimagassreduksjonar og andre vedtekne klimamål. Klimabudsjettet presenterer tiltak for å redusere utslepp, anslått effekt av tiltaka og fordelar ansvaret for gjennomføring av tiltaka.

Fjord kommune har valt Miljøfyrtårn som sitt verktøy for miljøleing i eigen organisasjon. Gjennom miljøsertifisering av dei kommunale einingane og rapportering på status for måloppnåing skal kommunen jobbe meir systematisk, langsiktig og heilskapleg for å redusere egne miljø og klimafotavtrykk. Status pr 01.02.2021 er 8 sertifiserte einingar i Fjord kommune og 3 private bedrifter.

Klimagassutslepp

Utslepp av klimagassar har aldri vore høgare. Den globale gjennomsnittstemperaturen aukar. Snø og is smeltar, havet stig og blir surare, nedbøren aukar og det bles kraftigare. Klimaendringane trugar vårt eksistensgrunnlag og er mellom dei største utfordringane vi står overfor. Arealplanlegging er eit

av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp (Møre og Romsdal fylkeskommune 2019).

[FNs klimapanel](#) konkluderer med at det er særers sannsynleg at klimagassutsleppa frå ei økonomisk utvikling basert på fossil energi er hovudårsaka til den observerte auka i temperatur frå 1950 og fram til i dag. Dei viktigaste utsleppskjeldene i Noreg er olje- og gassutvinning, industri, vegtrafikk og anna transport.


Klimaendringane akselererer, og Noreg har forplikta seg til å redusere sine utslepp med 40 prosent innan 2030 i høve til 1990 og bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Det betyr ein reduksjon på 80 til 95 prosent frå referanseåret 1990. I Noreg har klimagassutsleppa gått ned med 2,3 prosent i perioden 1990 til 2019. Åtferd og vaner må endrast, t.d. må transport i større grad skje med kollektivtransport, sykkel og gange, og mindre med privatbil. Behovet for transport må reduserast gjennom god og samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging ([Potensial og barrierer for kommunale klimatiltak](#), Cicero, Civitas og Vestlandsforskning 2018).

Direkte utslepp i Fjord kommune

Utsleppa blir målt i CO₂-ekvivalentar. Det betyr at kvar gass blir vekta etter gassens globale oppvarmingspotensial (GWP). Dei direkte utsleppa består av klimagassane karbondioksid (CO₂), metan (CH₄) og nitrogenoksid (N₂O). I 2019 vart det slept ut til saman 2,5 mill. tonn CO₂-ekv. frå Møre og Romsdal. I Fjord kommune var det i 2019 eit utslepp på 16945 tonn CO₂ ekvivalentar. Dette er ein nedgang på 0,6 frå 2018.

Dei totale utsleppa har gått ned med 18,9 % mellom 2009 og 2019. Jordbruk, sjøfart og vegtrafikk er dei største utsleppskjeldene i kommunen. Utslepp frå jordbruk har gått ned med 9,9 prosent mellom 2009 og 2019. Utslepp frå sjøfart skuldast i stor grad cruisetrafikken og ferjedrift på fjorden. Vegtrafikk har gått ned med 10,9 prosent mellom 2009 og 2019.

Statistikken seier ikkje noko om indirekte utslepp frå forbruket til innbyggjarar, etatar og verksemdar i Møre og Romsdal. EUREPAs berekningar av fotavtrykket av netto norsk forbruk viser utslepp av ca. 75-76 mill. tonn CO₂-ekv. per år. Til samanlikning er utsleppa frå den største utsleppskjelda i Noreg, olje- og gassutvinning, på vel 14,7 mill. tonn CO₂-ekv. per år. Forbruksmønsteret til befolkninga er derfor også svært viktig å endre for å nå klimamåla.




Byggenæringa står for om lag 40 prosent av klimagassutsleppa totalt sett (transport inkludert). Kommunen kan sørge for meir klimavenlege offentlege bygg. Ved å erstatte ikkje-fornybar byggematerial med til dømes tre, vil klimagassutsleppa bli redusert. Eit anna døme er å spørje etter utleppsrie byggeplassar, energieffektive løysingar og minimalt, eller ikkje avfall i det heile (Møre og Romsdal fylkeskommune 2019).

Kjelde: Miljødirektoratet

Klimafotavtrykk – kommunale innkjøp

Bidrag fra ulike tjenestefunksjoner



Tjenestefunksjon	tonn CO ₂ e
1 Adm	469
2 Bhage	52
3 Skole	354
4 Helse	579
5 VAR	135
6 Annet	591
7 Sum	2 179

Last ned (csv)

Utslepp frå produksjon av varer og tenester som blir kjøpt inn av Fjord kommune

Kjelde: Klimakost, Asplan Viak 2021

Det offentlege si rolle

Det offentlege Møre og Romsdal kan spele ei viktig rolle som innovatør og utviklar av lågutslepps-løysingar. Kommunen er ein stor tenesteproducent, og eigar av bygg, anlegg og infrastruktur. Kommunen er planstyresmakt og gir føringar for lokalisering, utforming og utbygging, og kan medverke til reduserte klimagassutslepp i sektorar som til dømes transport og byggenæring. Klima- og miljøbelastninga frå offentlege innkjøp er på rundt 14 prosent av Norges totale klimafotavtrykk (www.miljokommune.no). Det eksisterer ikkje eksakte tal for Møre og Romsdal, men det er ingen grunn til å tru at vi skil oss nemneverdig ut frå resten av landet. Kompetansen hos

offentlege etatar på innovative og grønne innkjøp er mangelfull og dermed får ein ikkje teke ut gevinstane som kan ligge i miljøforbetringar ved offentlege innkjøp (Møre og Romsdal fylkeskommune 2019).

Krav frå offentlege innkjøparar kan bidra til å påverke private bedrifter sitt handlingsmønster. Kommunane, fylkeskommunane og Statens vegvesen har likevel eit spesielt ansvar for omstilling til eit lågutsleppssamfunn og for å utvikle klima- og miljøvenlege løysningar i marknaden gjennom sine innkjøp av varer og tenester til befolkninga.

Fjord kommune må få eit sterkare fokus på korleis omstille oss til det grønne skiftet og korleis dette vil påverke dei ulike kommunale planlegging og tenesteleveransar. For å redusere utsleppet av klimagassar må heile produksjons- og tenestekjeda i den kommunale verksemda forplikast.

Offentleg sektor si rolle i høve klimaendringar er todelt, korleis handtere endringar i klimaet og korleis motverke og minimere uheldige klimaendringar.

Næringslivet si rolle

Byggenæringa står for om lag 40 prosent av klimagassutsleppa totalt sett (transport inkludert). Ved å erstatte ikkje-fornybare byggematerial med eksempelvis tre, vil klimagassutsleppa bli reduserte. Eit anna eksempel er å spørje etter utsleppsfrie byggeplassar, energieffektive løysingar og minimalt, eller ikkje avfall i det heile. Kommunane kan nytte si rolle som bestillar for å bidra til meir klimavenlege bygg.

Klimaet utsett bygningar for påkjenningar i form av fuktigheit og svingingar i temperatur. Alle bygningsmateriale er utsett for nedbryting over tid, og klimatilhøva vil vere av avgjerande betydning for kor hurtig dette går. Det er store klimagevinstar i å ta vare på og sette i stand bygg. Undersøkingar viser at det tek over 50 år før dei samla klimagassutsleppa vil verte mindre ved oppføring av nye hus enn ved oppgradering av eksisterande bygningsmasse.

Bruk av tømmer for å erstatte betong og andre CO₂-intensive råvarer vil redusere dei totale utsleppa ved bygging. Sement kan også produserast med lave CO₂. Nybygg bør kunne vere fossilfrie og lågenergihus (Møre og Romsdal fylkeskommune 2019). Det vil også vere viktig å sette klimakrav når eksisterande bygg og områder skal utviklast.

Naturmangfald

Tap av biologisk mangfald er ein global trend. Dei største truslane mot naturmangfaldet er arealendringar, overhausting, klimaendringar, forureining og framande artar. Arealendringar er den viktigaste påverknadsfaktoren for truga natur i Noreg i dag. Å vurdere verknadar av arealbruksendringar på naturmangfaldet er eit viktig kommunalt ansvar. Leveområda for ville, pollinerande insekt er viktig for økosystema og for pollineringa av landbruksvekstar.

Kommunane har eit særleg stort ansvar for å medverke til å bevare naturmangfaldet, mellom anna ved å sikre utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Naturtypen slåttemark er den naturtypen som har størst fare for å forsvinne. Færre slåttemarker og naturbeitemarker gir reduserte leveområde og dårlege vilkår for pollinerande insekt og andre kulturlandskapsartar. Spreiing av framande artar er også ei utfordring i vår kommune. Spreidd rundt i kommunen har vi mange raudlisteartar (artar som har risiko for å døyt ut i Noreg). Desse må bli teke i vare gjennom planlegging og aktive tiltak.

[Biologisk mangfold vart kartlagt i dei tidlegare kommunane](#) i 2012 og 2013. Bruk av areal til veg, bustad, industri og næringsføremål er viktig for utvikling av kommunen, men er også ein av faktorane som har innverknad på naturmangfaldet.

Fjord kommune har store verna areal både som naturreservat, nasjonalpark, verdsarvområde:

- [Nesplassen naturreservat](#)
- [Seljebotnmyrane naturreservat](#)
- [Yste Skotet naturreservat](#)
- [Kallskaret naturreservat](#)
- [Muldalslia naturreservat](#)
- [Reinheimen nasjonalpark](#)
- [Geiranger-Herdalen landskapsvernområde](#)
- [Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden verdsarvområde](#)

Vatn

Gjennom EU sitt vassdirektiv inngår norske kommunar i ei heilskapleg vassforvaltning med utgangspunkt i den økologiske og kjemiske tilstanden i ferskvatn, kystvatn og grunnvatn. Kommunen er mellom anna ein del av samarbeidet om revidert og oppdatert regional vassforvaltningsplan i eigen vassregion. Kommunen har mynde på fleire områder som påverkar vassmiljøet og vasskvaliteten, m.a. avløp, landbruk, vassforsyning, miljø, forureining og arealplanlegging.

Kommunen skal derfor m.a.;

- bidra med å finne fram til menneskeskapt påverknad på vassførekomstane i kommunen.
- Bidra til oversikt over hovudutfordringar, kva for vassområder som har dårleg tilstand og kva for prioriteringar som bør gjerast
- komme med forslag til tiltak der dei har mynde til å betre miljøtilstanden i vassområda.
- Foreslå konkrete miljømål for vassområda.

Tilgang på reint drikkevatt og tilfredsstillande sanitærtilhøve er god i Noreg generelt. På den andre sida er forbruket høgt, og handsaming av avlaupsvatt ikkje tilfredsstillande. Låg utbreiing av smarte vassmålarar og høg grad av tap i overføringsnett for drikkevatt bidreg ytterlegare til svak måloppnåing når det gjeld vatn.

Fjord kommune har utilfredsstillande direkteutslepp frå avløp til sjø, og berre ein liten del av avløpsvatnet vert reinsa ved sekundærreinsing.

Avfall

I ein sirkulær økonomi vil ein vekk frå ein bruk- og kast økonomi. Føremålet i den sirkulære økonomien er at ressursane forblir i økonomien, sjølv om produktet dei inngår i ikkje lenger blir brukt til det opprinnelige formålet. Dette betyr at avfall som konsept forsvinn. Avfall blir sett på som ei råvare. Sirkulær økonomi handlar ikkje berre om avfallshandtering og resirkulering. Det handlar også om auka bruk av kapasitet, strengare krav til produktdesign og materialbruk, og smartare løysingar som gjev nye måte å drive verksemd på.

Fjord kommune er deleigar i Miljøskapet Årim som har ansvar for innsamling av avfall og slam i Ålesundsregionen. Selskapet driv miljøstasjonen Djupøyna i Valldal og har årlege innsamlingar av miljøavfall i nærområda våre. Det blir lagt vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga. Stranda Gjenvinning og Transport samlar inn næringsavfall. I tabellen nedanfor er det satt inn mengdene i kg som er samla inn av SGT i perioden frå 1.5.2018 og til 31.08.2020. Med bakgrunn i desse tala er det vanskeleg å sjå om avfallsmengda er aukande eller minkande.

	2018	2019	2020
Valldal sjukeheim	13470	21720	13550
Valldal skule	2280	4770	1790
Eidsdal skule	1030	1930	1170
Syltebøen Barnehage	1280	2640	2010
Sum	18060	31060	18520


Næringsavfall som er handtert av Stranda Gjennvinning og Transport, ant kg. Kjelde: SGT

Sidan 2015 har ÅRIM hatt eit renovasjonstilbod for nesten alle fritidsbustader i Ålesundregionen. Det blir arbeidd med å få på plass det same kjeldesorteringstilbodet på hytta som heime. Dei fleste hytteeigarane i ÅRIM bur i Ålesundregionen, og vi ser ein glidande overgang mellom bruk av heilårsbustad og fritidsbustad.

Overfylling på hyttepunkt fører til forsøpling og forureining. Medan avfallsmengdene i bustadområde er ganske stabil over året, svingar avfallsmengdene frå fritidsbustader sterkt over året. Særleg er høgtidene utsett. Dette gjer det nødvendig å ha ein overkapasitet for å sikre at tilbodet er tilgjengeleg. I 2020 har ÅRIM etablert videoovervaking på nokre samlepunkt som har vore utsett for forsøpling. Dette tiltaket har redusert problema monaleg.

Det er også etablert nye avfallsbrønner på hyttepunkt i 2020. Arbeidet med slike nye og betre oppsamlingsløysingar vil halde fram i økonomiplanperioden. Bruken av desse nye løysingane og innføring av full kjeldesortering vil over tid føre til ei utvikling med færre, større samlepunkt.

Når det gjeld reiselivet og avfallet frå vegfarande, så er det kommunane og Statens vegvesen som organiserer tilbodet til desse. Det har så langt ikkje vore ønskje frå eigarkommunane om at ÅRIM skulle handtere desse oppgåvene.



Hushaldningsavfall


Avfall frå hushaldningar i Noreg var om lag 2,3 millionar tonn i 2019. Kvar og ein av oss kvitta oss med 427 kg avfall, 6 kg meir enn året før. Utsortert avfall som mat- og hageavfall stod for auken i mengda.

Årim hentar papir, rest- og matavfall, plast-, og glas- og metallemballasje heime hos innbyggjarane i Ålesundsregionen. Renovasjonsordninga for hytter og andre fritidsbustadar er noko enklare, der brukarane leverer avfallet til felles containerar.

Restavfallet ÅRIM samlar inn blir levert til forbrenning til Tafjord Kraftvarme. Papiret blir sendt vidare til gjennvinning i Tyskland og Nederland på gassdrivne frakteskip frå Ålesund.

Plastemballasjen blir sendt til plastsorteringsanlegg i Tyskland. Matavfallet blir sendt til Mjøsanlegget på Lillehammer, der det blir til biogass og biogjødsel. Glas- og metallemballasjen blir sendt til Sirkel Glass i Fredrikstad. Glaset blir blant anna til isolasjonsmateriale, medan metall-emballasjen blir brukt til sykklar og andre metallprodukt.

Vi har ikkje ei eiga oversikt over avfall for Fjord kommune, ÅRIM viser tal for alle medlemskommunane samla:




Transport og trafikk

Bil


Den samla køyrelengda for norske personbilar gjekk ned med 1,3 prosent i 2019. Dette er ein nedgang på 0,9 prosent frå året før. Stadig meir av køyringa blei gjort med elbilar og hybridbilar. Til samanlikning auka køyringa med norske lastebilar, varebilar og bussar noko i den same perioden. Ved inngangen av 2020 var det registrert over 260 000 el-personbilar i Norge- ei auke på 33 prosent frå året før. 9 prosent av alle personbilar er no elektriske.

I Fjord kommune er det ei fin utvikling på registrerte el-personbilar frå 17 stk. i 2016 til 49 i 2019.

	2016	2017	2018	2019
Bensin	648	600	573	560
Diesel	773	797	815	852
El	17	26	32	49
Bensin hybrid, ladbar	4	9	13	15
Bensin hybrid, ikkje ladbar	9	17	22	23



Trafikkmengda varierer på vegnettet i Fjord kommune. Fleire av vegane våre har store sesong-variasjonar, så det er derfor ikkje årssdøgnetrafikken aleine som seier noko om kor viktig vegen er. Statens vegvesen tel biltrafikken på 4 ulike stader i Fjord kommune, Stordalstunellen, Valldal N, Valldal og Blikshammaren (ved Linge). I tillegg er det ein registreringsstasjon på Stavsengfjellet som høyrer til Stranda kommune, men likevel ligg midt i Fjord kommune. Målestasjonen i Stordalstunellen er ikkje i drift i dag. Blikshammaren hadde oppstart av målingar i 2019.



Som ein ser av diagramma her er det størst utslepp frå tunge køyretøy og personbilar. Etter kvart som vi får fleire elektrifiserte personbilar i drift vil desse utsleppa synke .

Kommunale vegar

Fjord kommune er prega av store avstandar og lange vegstrekingar. Det er totalt om lag 67 km kommunale vegar, og store vedlikehaldsbehov.

Bruer og kaier

Kommunen har driftsansvar for 35 bruer og 2 kaier, og mange av dei ber preg av høg alder. Det medfører stort ansvar og betydelege kostnader til oppgradering og sikring, men er ein viktig del av den lokale infrastrukturen.

Ferje

Fjord kommune har eitt ferjesamband, Eidsdal - Linge. Sambandet har store trafikkmessige svingingar i året, frå ei ferje på vinteren til tre om sommaren, og er det sambandet i Møre og Romsdal med mest attståande bilar.

År	Måned	Tellinger
2019	januar	6370
2019	februar	7472
2019	mars	9284
2019	april	13129
2019	mai	17716
2019	juni	38908
2019	juli	58231
2019	august	44371
2019	september	19447
2019	oktober	12356
2019	november	9433
2019	desember	7403

Sambandet er bemanna med ferjemateriell frå 1979. Det skal byggast nye ferjekaier for 80 personbilferjer i Eidsdal og på Linge og dei er planlagt ferdigstilt i midten av oktober 2023. Kaiene er tenkt nybygd med same kapasitet som nabosambandet Stranda – Liabygda. Det blir tilrettelagt for evt. elektrisk samband på strekninga.

Kjelde: Ferjedatabanken

Bilar og maskinpark

Fjord kommune har ulike køyretøy i teneste fordelt på ulike avdelingar. For anna materiell

som utstyr, reiskap, hengarar og liknande, finns det ikkje ei samla oversikt for kommunen.

Manglande samla oversikt er ei utfordring, både når det gjeld vurdering av behov, mogleg sambruk og systematisk styring av vedlikehald.

Helse: 5 personbilar og 1 varebil

Teknisk: 14 bilar (fossil), 2 bilar (el) og 6 traktorar

Brann: 1 ATV, 3 brannbilar, 3 tankbilar og 3 mannskapsbilar

Jordbruk

I Norge er berre 3% av landarealet dyrkbar mark, og berre 1/3 av dette arealet kan brukast til produksjon av korn og grønnsaker. 95 % av landarealet i Norge er utmark, og i underkant av halvparten av dette arealet kan brukast til beite. Norge har derfor store areal som kan nyttast av storfe og småfe til beite.

I Møre og Romsdal har talet på jordbruksareal gått ned med 5,18 % frå 542 623 daa til 514 514 daa i perioden 2013-2019. Tala for Fjord kommune viser det motsette, i Norddal kommune har arealet auka og i Stordal er arealet stabilt.

	Jordbruksareal						
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
1524 Norddal (-2019)							
Jordbruksareal i drift	11 393	11 727	11 762	11 827	11 631	12 008	12 028
1526 Stordal (-2019)							
Jordbruksareal i drift	3 992	3 723	3 755	3 782	3 806	3 877	3 933


Kjelde: Statistisk Sentralbyrå

Fjord kommune er ein stor og variert landbrukskommune, men talet på aktive bruk er gått kraftig ned sidan 90-talet. Det har i same periode vore ei dreining frå små driftseiningar til større einingar, både når det gjeld produksjon og tal dyr. Talet på aktive bruk har gått ned frå 135 i 2009 til 108 i 2019.

Fjord er størst i Møre og Romsdal innan frukt og grønt, og Linge er den nordlegaste fruktbygda i Norge og Nord-Europa. I 2020 søkte 30 føretak frå Fjord av 32 i heile Møre og Romsdal innan frukt og grønt. Jordbær og bringebær har størst volum. Dei siste åra har det vore stor fokus på vidareforedling av produkt til konsum til dømes fryste bær, epleaft, syltetøy, gele og cider.

Matproduksjonen i landet må opp dersom ein skal nå målet om å vere sjølvforsynt. Trenden er likevel at talet på bønder går ned, noko som bidreg til at areal går ut av drift.

Utslepp av klimagassar frå jordbruket i Fjord kommune er i 2019 7 334 tonn CO₂ ekvivalentar. 3990 ekv. kjem frå dyra, 1854 ekv. frå gjødsel og 1490 ekv. frå dyrkamark.



Kjelde: Miljødirektoratet


Skogbruk

Skog og CO₂-binding

I tillegg til at skogen fungerer som karbonlager, er auka bruk av tre som fornybar råvare ein viktig del av klimaløysinga. Trehus og andre treprodukt medverkar til varig lagring av karbonet gjennom levetida, og kan til slutt brukast til bioenergi. Tre kan erstatte ikkje-fornybare byggematerial, eller material som medfører eit større klimafotavtrykk. Det kan òg erstatte petroleumsbasert drivstoff, brensel, og råstoff som vert nytta i fleire produkt. Å erstatte "svart karbon" med "grønt karbon" kan gje både verdiskaping og klimavinst. Det meste som i dag blir laga av petroleum, vil i framtida kunne lagast av tre.

Trevirke inneheld karbon tilsvarande ca. 700 kg CO₂ per m³. Når skogen sluttar å vekse stoppar nettobindinga, og når skogen er i nedbrytingsfasen blir CO₂ frigjort (som metan) fram til ny skog er etablert på arealet.

Utrekna tilvekst (stammevolum) i den produktive skogen inkl. lauvskogen i Fjord er på ca. 18 278 m³ per år. Opptaket i den uproduktive delen av skogen er då ikkje med, og den er ikkje ubetydeleg. Førstehandsverdien på tømmer frå skogen i Fjord utgjorde i 2019 ca. 4 millionar kroner. Med en tilvekst på totalt 18 278 m³ i året og 700 kg CO₂ per m³ vil den produktive skogen i Fjord gi ei binding av ca. 12792 tonn CO₂ i året. Dette svarar til om lag det utsleppet Fjord har frå 4 263 personbilar.




Oversikt over utslepp og opptak frå sektoren "skog og anna arealbruk". Kjelde Miljødirektoratet

Negative tal tyder opptak av klimagassar, mens positive tal betyr utslepp. Den stipla lina viser netto utslepp eller opptak. 2010 er startåret. Denne søyla viser utsleppet eller opptaket som kvar kategori har hatt dette året. Til dømes kan ein skog ha vokse seg større og teke opp karbon, medan bearbeiding av jord eller rotneprosessor av biomasse kan ha ført til utslepp.

I løpet av perioden frå 2010 til 2015 kan det ha vore bruksendringar på noko av arealet. Noko skog kan t.d. ha blitt rydda for å byggje hus. Tala for 2015 inkluderer difor både data for areala slik dei ligg føre dette året, og utslepp og opptak som finn stad i samband med *overgangen* frå éin arealbrukskategori til ein annan (arealbruksendringar). I Fjord kommune har det dei seinare åra vore meir avvirkning enn tidlegare og det er forklaringa på opptaket er mindre.

Klimagassane karbondioksid (CO₂), metan (CH₄) og lystgass (N₂O) er inkludert i rekneskapen. For å kunne samanlikne utsleppa, vert utslepp frå andre gassar enn CO₂ rekna om til CO₂-ekvivalentar.



Skogavverking Indre Sunnmøre skogbruksdistrikt i perioden 2010-2019. Kjelde Stranda kommune

Hjortevilt

Fjord kommune er ein stor viltkommune. I 2019 vart det tildelt 803 løyver på hjort, felt 524 , 3 løyver på elg, skutt 3 og det blei felt 40 rådyr. I tillegg blir det jakta rein i villreinområdet Reinheimen. Området er opent for jakt for både personar frå Fjord kommune og resten av landet.

Fellingsresultat Skjåk Almenning 2019

Skjåk Nord - 184 felte dyr av 224 (82 %)

Skjåk Sørøst 76 felte dyr av 114 (67%)

Skjåk Sørvest 83 felte dyr av 105 (79 %)

Hjortevilt er ein stor ressurs som må bli best mogleg forvalta, både økonomisk og økologisk. Grunneigarar skal ha moglegheit til å utnytte ressursen best mogleg, men stammane må ikkje bli så store at den gjev store økonomiske ulemper for jord- og skogbruk. Samarbeid mellom grunneigarar og kommune er viktig for god forvaltning av vilt- og fiskeressursar. Strategi og målsetjing for hjorteviltforvaltninga 2021- 2024 er ute på høyring (pr mars 2021).

Havbruk


Oppdrettsnæringa byrja i det små i 1970-åra som attåtnæring for kystbøndene. I dag produserer Noreg over halvparten av all atlantisk oppdrettslaks i verda. I 2018 produserte norske oppdrettarar 1,28 millionar tonn laks for sal og 1,06 millionar tonn vart eksportert. Møre og Romsdal har 124 løyver til matfiskproduksjon og 28 løyver til klekkeri og settefiskproduksjon, det blei i 2019 seld 186 653 tonn laks. Fjord kommune har fleire lokalitetar med oppdrett i sjø langs fjorden og eit anlegg på land i Robbervika er under planlegging.

Fly

Sidan 2010 har mengda flyboren sjømateksport frå Noreg auka frå 65 000 tonn til 165 000 tonn. Mesteparten av dette går til Asia, men USA og Midt-Austen importerer også ein god del sjømat. Dei siste åra er det eksporten til Kina og Sør-Korea som har auka mest.

Kor stort klimaavtrykk transporten utgjør, er det delte meiningar om. Næringa hevdar at dei stort sett berre nyttar fly som uansett ville gått, sidan meir varer blir frakta frå Asia til Europa enn omvendt, og då nyttar ein berre kapasiteten til fly som elles ville gått tomme tilbake. Dei meiner difor det stort sett berre er auka bruk av drivstoff som følgje av den ekstra vekten fisken utgjør, som kan takast med i reknestykket. I 2019 vart om lag kvar sjette oppdrettslaks seld til Asia og Nord-Amerika, og trenden har vore aukande. Mange stiller spørsmål ved kor berekraftig dette er. Sintef har rekna ut at karbondioksidutsleppa er [dobbelte så store for fersk flyboren laks til Kina](#) som for frosen laks frakta på skip. Flyboren fersk laks til Kina har dessutan tre gonger så stort klimaavtrykk som fersk laks levert med bil og båt til Frankrike.

Figur 2. Eksportert norsk sjømat fordelt på transportmåte



Kjelder: Statistisk sentralbyrå.

Energi – kraftforsyning, fornybar energi, hydrogen og olje og gass

Internasjonale og nasjonale klimakrav forsterkar behovet for å utvikle fornybare energikjelder, og det ligg her eit stort potensial for m.a. grøn skipsfart og nye teknologiske løysingar som kan medverke til at Noreg bidrar til å nå nasjonale og internasjonale klimamål.

Møre og Romsdal fylke har dei siste 20 år gått frå balanse mellom produksjon og forbruk til eit underskotsområde med berre 50 % eiga dekning pga. stor auke til kraftkrevjande industri. Ubalansen vart utbalansert gjennom etablering av ny linje Sogndal - Ørskog (sett i drift desember 2017) som sikrar krafttilgangen inn til regionen. Det er nettopp ny verksemd til dømes innan fiskeri og oppdrett som står for ein del av forbruksveksten som kjempar om kapasitet i transmisjonsnettet (Hovudnettet av overføringslinjer for transport av elektrisk kraft i Noreg).

Fornybar energiproduksjon, vasskraft, vind, sol og bio, utgjør berre 5 prosent av norsk energi-produksjon (SSB / Møre og Romsdal fylkeskommune 2019). Produksjon av fornybar energi i fylket har hatt ein svak auke. Vasskraft står klart for størsteparten av fornybar energiproduksjon i fylket. På grunn av at stadig større del el-transport på land og sjø, er behovet for ladestasjonar sterkt aukande. Dette er også av betydning for reiselivet. Fjord kommune har 2 hurtigladdestasjonar i Valldal.

Stranda kommune har arbeidd mykje med problemstillinga knytt til cruisetrafikken og særleg etter at ein fekk krav til nullutslepp på verdsarvfjorden. Det er m.a. søkt midlar (KLIMASATS) for å analysere faktagrunnlaget og gjere vurderingar av ulike løysingar for å redusere utsleppa, jf. kap. 2.5.3 ([Berekraftige transportløysingar i verdsarvkomunen](#)) (2019). I tillegg er det teke initiativ til å få utgreidd moglegheitene for produksjon av hydrogen basert på såkalla inntengd kraft, jf. prosjektet Hellesylt Hydrogen Hub. HHH-prosjektet utløyste eit tilskott på 37,6 MNOK til eit konsortium leia av

Flakk-gruppen. Arbeidet med dette prosjektet er i gang, og målet er i første omgang å kunne forsyne ferja Hellesylt – Geiranger med hydrogen.

Kjelder

[Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#)

[Klimakur 2030 – Miljødirektoratet 2020](#)

Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030 – Møre og Romsdal fylkeskommune 2019

[FNs klimapanel - Miljødirektoratet](#)

[Potensial og barrierer for kommunale klimatiltak, Cicero, Civitas og Vestlandsforskning 2018](#)

[miljøkommune.no – Miljødirektoratet](#)

[Regionale kunnskapsgrunnlag 2018, FOU-basert innovasjon i næringslivet - Forskingsrådet](#)

[Regjeringens havstrategi 2019](#)

[Meld. St. 22 \(2018-2019\) Smartere innkjøp – effektive og profesjonelle offentlige anskaffelser](#)

[Anleggsregisteret.no – Kulturdepartementet sine temasider om tilskot til idrettsanlegg, kulturbygg og friluftsanlegg](#)

[miljostatus.no – Miljødirektoratet](#)

[SSB – energirekneskap](#)

4. Samfunnstryggleik, beredskap og klimatilpassing

Kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål nummer 6, 9, 11, 13 og 17.



Hovudtrekk

Status

- Eit robust samfunn med trygge folk er fundamentet for all utvikling
- Tradisjon for relativt høgt fokus på beredskap, mindre på førebygging
- Vi vil få auka temperatur, ei vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst, og fleire og større regnflaumar
- Samfunnstryggleiken blir utfordra som følge av at samfunnet blir meir digitalt

Utfordringar

- Risikovurderingar viser at vi blir stadig meir sårbare knytt til klimaendringar, digitalisering av samfunnsfunksjonar, og den sikkerheitspolitiske situasjonen
- Auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred
- «Trygge» område i dag kan bli utrygge i framtida
- Vi har ikkje god nok oversikt over fare for framtidige hendingar som følgje av klimaendringar – flaum, skred, overvatn-problematikk og jorderosjon
- Vi har låg produksjon av matvarer og er avhengig av import

Mulegheiter

- Nytte arealplanlegging aktivt som verkemiddel for klimatilpassing
- Oppdatere ROS-analysar på alle aktuelle område
- Betre fysisk tilrettelegging for eit endra klima
- Klimatilpassing set store krav til samarbeid med innbyggjarar, næringsliv og nabokommunar
- Utarbeide gode system for digital tryggleik

Fjord kommune skal vere ein trygg kommune å bu og ferdast i

Kommunen skal ta i vare innbyggjarane sin tryggleik, og arbeide systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik. Målet er å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.

Samfunnet endrar seg raskt. Det er sannsynleg at vi i 2030 har utfordringar vi i dag ikkje ser kjem. Førebyggjande arbeid har stort potensiale, og det er god økonomi.

Beredskap er sektorovergripande. Mange av utfordringane er så komplekse at kommunar eller fylkeskommunar ikkje kan handsame dei på eiga hand. God krisehandtering er å vite kven som gjer kva og når.

Alt skjer i ein kommune

I mai 2020 vedtok kommunestyret heilskapleg ROS-analyse og overordna beredskapsplan for nye Fjord kommune. Planen skal samordne og integrere andre beredskapsplanar i kommunen, og skal vere samordna med andre relevante offentlege og private krise- og beredskapsplanar.

I analyser av krisescenarier 2019 presenterer DSB 16 risikoområde som inneheld farar eller trugslar som kan utløyse alvorlege hendingar for det norske samfunnet. Desse går på tvers av sektorar og forvaltningsnivå for å få fram kunnskap om det breie spekteret av følgjehendingar og konsekvensar. Nokre av dei risikoreduserande tiltaka som er foreslått krev eit langsiktig arbeid, medan det for andre allereie er sett i gang prosessar og tiltak. Fjellskred frå Åknes kjem høgt opp på denne lista.

Pandemi

Covid-19 har aktualisert temaet siste året. Fjord kommune har handtert utfordringa fortløpande, men pandemien har også avdekt sårbarheit særleg knytt til begrensa tilgang til personell og utstyr. Pandemisituasjonen har også synleggjort mangel på smittvernustyr, medikament og medisinsk utstyr. For å unngå dette i framtida, krev det planlegging på overordna nivå i kommunen og mellom forvaltningsnivå.

Klimaendringar vil påverke samfunnstryggleiken

Klimaet i Noreg er prega av store motsetnader som skuldast dei geografiske forholda som djupe fjordar og markerte dalføre med høge fjellparti imellom. Etter «føre-var»-prinsippet skal ein leggje til grunn høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar når ein skal vurdere konsekvensane av klimaendringar. Ein reknar med at middeltemperaturen innan 2100 i Møre og Romsdal vil ha auka med 4,0 °C. Denne auka er størst for vinter, haust og vår (4,0 °C), og minst for sommaren (3,5 °C) (Norsk klimaservicesenter, 2017).

Det er venta at årsnedbøren i fylket innan 2100 vil ha auka med ca.15 prosent. Den største auken kjem om sommaren og hausten. Vidare vil episodar med kraftig nedbør auke vesentleg både i intensitet og frekvens. Dette aukar faren for flaum/overvatn i tettbygde strøk og i små bratte vassdrag (Norsk klimaservicesenter, 2017). Auka nedbørsintensitet bidreg til fleire flaum- og skredhendingar.

Fordi nedbøren aukar reknar ein med at gjennomsnittleg årleg vassføring aukar. Høgare temperaturar påverkar snøsmelting og fordamping. Det kan derfor bli store endringar på vassføringa mellom årssesongane. Det kan bli lengre periodar med lita vassføring i elvane om sommaren. Saman med lengre periodar med låg grunnvasstand og større underskot i markvatnet, aukar risikoen for tørke og skog- og lyngbrann (Norsk klimaservicesenter, 2017).

Klimatilpassingar

Endringar i temperatur- og nedbørsmønster kan føre til at naturskadehendingar skjer på andre stadar og andre tidspunkt på året enn det som har vore vanleg. Vidare må vi bu oss på meir ekstremvær (Meld. St. 33 (2012-2013)). FylkesROS – Risiko- og sårbarheitsanalyse for Møre og Romsdal – tek føre seg risiko knytt til landskap, natur og klima i fylket, og korleis samfunnet skal vere budd på dei utfordringane som kan oppstå. Det er lagt vekt på arealtryggleiken og på sårbarheita av infrastrukturen. Klimautviklinga gir og auka frekvens av skred knytt til kraftig nedbør, flaum, snøfall og snøsmelting i bratt terreng. I hovudsak gjeld dette skredtypane jordskred, flaumskred og sørpeskred (Norsk klimaservicesenter, 2017).

Havnivåstiging kan gjere at stormflo og bølger gjer skade på busetnad og infrastruktur i nye område. Det er tilrådd å nytte 57-77 cm som tillegg for havnivåstiging med klimapåslag (Norsk klimaservicesenter, 2017).

Klimaendringane i Noreg med auka temperaturar gjev betre forhold for matvareproduksjon fordi vekstsesongen blir lengre. Fram mot slutten av 2100, vil vekstsesongen auke med éin til tre månadar avhengig av scenario og stad (Miljødirektoratet, 2017). Samtidig gjev auka temperatur auka fare for tørke og lyng- og skogbrannfare. Når nedbør kjem, kjem den i mykje større mengde og kan gje


flaumråka landbruksområde. Vidare aukar flaumfaren etter tørkeperiodar fordi tørr jord ikkje har like god infiltrasjonsevne som fuktig jord.

Møre og Romsdal har ein topografi som gjer at fylket er skredutsett. Menneskelege inngrep kan påverke skredfaren. Til dømes vil flatehogst av område svekke stabiliteten til lausmassar, og det vil kunne gå skred i område med helling i terrenget. Dette gjeld snøskred, flaumskred eller sørpeskred. Auka fare for snøskred gjev også ein potensiell fare for oppdemming av elvar/bekkar, som igjen kan føre til flaum- eller sørpeskred.

Område som i dag vert rekna som «trygge» kan i framtida bli utsett for fare. Etter kvart som fleire område vert farekartlagt, ser ein òg at utbygd areal ligg i område med høgare risiko enn kva ein i dag tillèt ved utbygging av nye område. Å sikre allereie utbygde område mot avdekt fare kan vere vanskeleg og dyrt. Vidare er det mangel på insentiv for førebygging. Typisk ved uønskte hendingar er oppretting tilbake til opphavsleg standard, og ikkje nødvendig oppdimensjonering for å ta omsyn til klimaendringane (Møre og Romsdal fylkeskommune 2019).

Handtering av overvatn har betydning både for arealplanleggarar og private utbyggjarar. Hyppigare og meir intens nedbør gjev auka overflateavrenning og utvasking av vegnettet vil skje oftare.

Figuren under viser venta endringar frå 1971-2000 og 2071-2100 i klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan ha innverknad på samfunnstryggleiken (Norsk klimasenter 2017).



Teknisk infrastruktur og digital sårbarheit

Digital sårbarheit er ei stor utfordring lokalt, regionalt og nasjonalt. NSM (Nasjonal sikkerhetsmyndighet) peiker i sin risikorapport for 2019 m.a. på den gjensidige avhengigheita og aukande sårbarheita som digitaliseringa fører med seg. Infrastrukturen vår, til dømes kraftforsyninga, blir meir avhengig av elektronisk kommunikasjon, det globale finanssystemet blir sterkare kopla saman, kritisk kunnskap blir lettare tilgjengeleg for alle osv. Manglande kultur for sikkerheitsstyring er ein av dei viktigaste grunnane til ein sikkerheitstilstand som på fleire område blir vurdert som utilfredsstillande. Døme på dette var då all kommunikasjon var ute av drift samstundes i Geiranger (internett, telefon og naudnett).

Eit godt og framtidsretta tilbod av breiband/fiber/mobilnett blir stadig viktigare for busetting, verdiskaping og sysselsetting i alle kommunar, og er ein føresetnad for næringsutvikling og innovasjon. Stabile digitale tenester er også avgjerande for digitalisering av kommunal sektor og kommunal tenesteutvikling. I Fjord kommune blir det no tilbod om fiber til alle husstandane. Når det gjeld mobildekning så er den ikkje god nok i heile kommunen.

Kjelder

[Fylkes ROS Møre og Romsdal](#) - Statsforvaltaren

[Kommuneundersøkelsen 2020](#) - Direktoratet for samfunnsberedskap (DSB)

[Analyser av krisescenarier 2019](#) – Direktoratet for samfunnsberedskap (DSB)

[Klimaprofil Møre og Romsdal 2017](#) – Norsk klimaservicesenter

[Meld.St. 33](#) (2012-2013) – Klimatilpassing i Norge

[Miljødirektoratet](#) - klimatilpassing

[Havnivå i kart](#) - Kartteneste for stormflo og havnivåstigning - Kartverket

FN sine berekraftsmål – sosial og kulturell dimensjon

5. Befolkningsutvikling

Kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål nummer 1, 2, 3, 4, 5, 7, 11, 16.



Hovudtrekk

Status

- Folketalet i Stordal og Norddal kommune har vore i gradvis negativ endring dei siste 20 åra
- I år 2000 var det busett 1960 personar i Norddal og 1052 i Stordal, til saman 3012.
- Per 01.01.21 er innbyggjartalet 2502, ein nedgang på 506 personar over 20 år.
- Per første kvartal 2020 budde det til saman 2549 personar i Fjord, det vil seie ein nedgang på 43 personar på eitt år.
- Fødselstala er historisk låge.
- Fleire menn enn kvinner og ei aldrende befolkning.
- Talet på eldre aukar kraftig fram mot 2040.
- Befolkninga blir meir sentralisert.

Utfordringar

- Det blir fleire eldre, færre yrkesaktive og færre barn og unge, og fleire menn enn kvinner.
- Innbyggjarane forventar eit anna tenestenivå enn kva kommunen kan levere.
- Endring i barnetal gjev konsekvensar for tenestetilbodet.
- Fleire eldre gjev auka etterspørsel etter helse- og omsorgstenester.
- Behalde kompetanse og rekruttere ny.

Mulegheiter

- Utvikle gode lokalsamfunn som aukar bulyst og tiltrekkjer seg innflyttarar.
- Bidra til utvikling i næringslivet.
- Inkludere fleire i samfunns- og arbeidsliv.
- Planlegge for eit aldersvenleg samfunn.
- Ta godt vare på dei som bur her, så dei blir.

Befolkninga i Møre og Romsdal

I Møre og Romsdal bur det 265 544 personar (01.01.2021).


Innanlandsk flytting til Oslo og Trøndelag tappar fylket. Det er tre hovudtrekk når det gjeld framskriving av folketalet: svakare vekst enn folketalet i landet, sentralisering og til dels sterk aldring i befolkninga.

Den største utfordringa for folketalsutviklinga i fylket fram mot 2030 er det låge talet fødsler og det innanlandske flyttetapet (talet på tilflyttarar frå andre stader i Noreg minus talet på dei som flyttar til andre stader i Noreg). Personar med innvandrarbakgrunn utgjer ein stor del av det innanlandske flyttetapet, mellom 52 og 60 prosent av Møre og Romsdal sitt flyttetap til andre delar av landet siste fem år. Personar i aldersgruppa 20-29 år utgjer omtrent heile flyttetapet.

Fjord kommune hadde i 2019 eit innanlandsk flytteunderskot på 23 personar. I 2018 var tilsvarande tal for Norddal 29 og Stordal 28, så tala gjekk litt ned for 2019. Dette gir ei svært sårbar folketalsutvikling. På sikt vil det kunne ha konsekvensar for tilgang på arbeidskraft og kompetanse i både i kommune og fylket.

Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal 2010–2020

Kjelde: SSB



Folketalsutvikling i kommunane i fylket dei siste ti åra. (Grensejustering er berre medrekna i 2020-tala.) Kjelde SSB-MRFK

Folketalsveksten er lågare i Møre og Romsdal enn i landet. Ser ein på hovudalternativet i folketalsframskrivinga til SSB, er det tydeleg at det skjer ei sentralisering av befolkninga fram mot 2030. Fjord og Vanylven er dei kommunane som opplever størst nedgang.

Befolkninga i Fjord

Folketalsutvikling

Det bur 2 502 personar i Fjord kommune (01.01.2021). Sidan 2010 har folketalet gått ned med 329 personar, ein nedgang på om lag 10 prosent. Folketalsutvikling handlar også om meir enn vekst eller nedgang i folketalet. Samansetninga av befolkninga er svært viktig for utviklinga, og ikkje minst for korleis det offentlege skal dimensjonere sitt tenestetilbod. Tal barn og unge har gått mykje ned og etter framskrivingane til SSB kan det sjå ut til at denne tendensen held fram. Den eldre delen av befolkninga utgjer ein stadig større del. I dag er 8 prosent av befolkninga i Fjord kommune over 80 år. I SSB sine framskrivingar er det venta at denne delen vil auke til 15 prosent i 2040.




Folketalsutvikling i Fjord kommune


Nedgang
 Ingen endring
 Vekst

Grunnkrets		Folketal		
Nummer	Navn	2020	Endring frå 2010	Endring frå 2015
15780103	Stordal Sentrum	604	-36	-63
15780201	Muri	329	-47	4
15780204	Gjerde	220	16	-18
15780104	Midtbust	169	-32	-24
15780211	Ytterdal	156	-14	-5
15780206	Fjærå	150	-19	-4
15780202	Sylte	147	-25	0
15780203	Uri	131	-32	-12
15780208	Dalsbygda	126	-29	-20
15780209	Eide	96	-5	-6
15780207	Tafjord	92	-28	-7
15780210	Rønneberg	91	-3	5
15780105	Moe	85	4	-2
15780101	Dyrkorn	79	-25	-15
15780205	Alstad	71	-6	-1

Folketalsutvikling per grunnkrets. Kjelde: SSB / Møre og Romsdal fylkeskommune




SSB sitt framskrivingsalternativ MMMM (hovudalternativ) ligg til grunn for framskrivingane. Kjelde: SSB / Møre og Romsdal fylkeskommune



SSB sitt framskrivingsalternativ MMMM (hovudalternativ) ligg til grunn for framskrivingane. Kjelde: SSB / Møre og Romsdal fylkeskommune

Alder og kjønn

Samansetninga av befolkninga er svært viktig for utviklinga i ein kommune, ikkje minst for korleis det offentlege skal dimensjonere tenestetilbodet sitt.




Fordeling av befolkninga etter kjønn og aldersgrupper Fjord kommune. Kjelde: SSB 07459

- I 2021 bur det 545 barn og unge under 20 år i Fjord kommune, 23,1 prosent av folketallet. For fylket er talet på barn og unge 23,9 prosent.
- 1318 personar i alderen 20-64 år
- 639 personar 65 år og eldre

Kvinner per 100 menn

Talet på kvinner per 100 menn i aldersgruppa 20-39 år har vore lågt i Møre og Romsdal samanlikna med andre fylke over tid. I 2019 var det 90,7 kvinner per 100 menn i aldersgruppa i Møre og Romsdal. Fjord ligg slik sett bra an med over 100 kvinner pr menn fram til 2030.



Utvikling i aldersgruppene 20-29 år og 30-39 år frå 1991 til 2020, og framskriving til 2030.

Framskriving av tal på eldre

Befolkningsframskrivingane i Fylkesstatistikken for 2020 syner at 29 prosent av befolkninga i Fjord kommune vil vere i aldersgruppa 67 år og eldre i 2030.

I 2020 har Fjord kommune 194 innbyggjarar over 80 år. I følge framskrivingane til SSB så vil dette talet auke til 308 i 2035, ei endring på 59 prosent. For Møre og Romsdal ligg denne endringa på 84 prosent, og for landet 87 prosent.

Forsørgarbrøk for eldre

Forsørgarbrøk er eit måltal på innbyggjarar i yrkesaktiv alder (20-64 år) i forhold til talet på personar over 64 år. Dei over 64 år vil for ein stor del vere ferdig i arbeidslivet. Eit lågt tal indikerer at ein relativ stor del av innbyggjarane er i yrkesaktiv alder.

Med SSB si framskriving for eldre vil Fjord i 2035 ha ein forsørgarbrøk for eldre på 0,71. I dei andre kommunane i fylket varierer brøken frå 0,38 til 0,87, så Fjord ligg i øvre del av skalaen med ein stor del av innbyggjarane i pensjonistalder.

Forventa levealder

I følge framskrivingane til SSB vil folk i Møre og Romsdal leve vesentleg lengre enn i dag. Allereie i 2035 vil dei som blir fødde leve i snitt 2-3 år lengre enn dei som blir fødd i 2020. Forventa levealder for personar i Fjord fødde i 2020 er 85 år for menn og 88 år for kvinner. Til samanlikning har menn fødd i 1970 ein forventa levealder på 71 år, medan kvinner frå same årskull har ein forventa levealder på 77.

Nedgang i innvandrarbefolkninga

Fjord har hatt ein nedgang i innvandrarbefolkninga frå 343 i 2015 til 309 i 2020. For menn går det ned med 34 personar, frå 178 til 144. Kvinner er stabilt med 165 personar.

Kjelder

[Fylkesstatistikk Møre og Romsdal 2020](#) – Møre og Romsdal fylkeskommune

[Kommunestatistikk](#) - Møre og Romsdal fylkeskommune

[SSBs statistikkbank](#)

[SSBs regionale befolkningsframskrivingar](#)

Integrerings og mangfaldsdirektoratet (IMDI)

Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030 – Møre og Romsdal fylkeskommune 2019

Temahefte om innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling – Distriktssenteret 2019

Bli-faktorer for innvandrere i Distrikts-Norge – Distriktssenteret

Integrerings og mangfaldsdirektoratet

Møre og Romsdal fylkeskommune (2018): «Flyttestraumanes betydning for Møre og Romsdal». Notat 2/2018.

6. Barnehage og skule

Kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål nummer 1, 3, 4, 5, 10 og 17.



Hovudtrekk

Status

- Det blir færre barn i barnehage og grunnskule, og stadig fleire bur sentralt
- Det er til dels stor forskjell mellom skular når det gjeld del av undervisninga som blir gjeve av undervisningspersonell med godkjent utdanning.
- Vi har ei kostnadskrevjande drift med liten fleksibilitet for driftsoptimalisering

Utfordringar

- Endring i barnetalet krev endring i struktur, fysisk utforming og bemanning.
- Å oppretthalde skulestrukturen
- For høg andel elevar har spesialundervisning, og skulane må i større grad universell opplæring (nytt omgrep for tilpassa opplæring i opplæringslova) Det er utfordrande å fange opp sårbare barn og unge tidleg nok
- Likestilling - vi må etterstreve å få ei meir balansert kjønnsfordeling av tilsette i skule og barnehage
- Alle fag det vert undervist i må ha den rette undervisningskompetansen
- Mange treng litt meir hjelp og støtte.
- Skule og barnehagar har fått ei aukande grad av sosialpedagogisk arbeid i sitt daglege virke. Fleire barn og unge kavar med livsmeistring

Mulegheiter

- Utvikle ein berekraftig struktur for barnehage og skule
- Utnytte digitale verktøy og ny teknologi på ein god måte
- Sikre gode overgangar – frå barnehage til barneskule, frå barneskule til ungdomsskule og frå ungdomsskule til vidaregåande skule
- Hindre utanforskap
- La barn og unge delta i samfunnsutviklinga – medverknad
- Dei spesialpedagogiske tenestene tek i større grad utgangspunkt i den enkelte sitt behov og ressursar, og ser moglegheiter for å inkludere fleire i det ordinære tilbodet
- Ta i bruk modellen «Betre tverrfaglig innsats» (BTI) hos alle som yt tenester til barn og unge, dvs. barnehagar, skular, spesialpedagogiske tenester, førebyggjande tenester og barnevern
- Utvikle berekraftige fagmiljø

Barnehage

Utviklingstrekk

Fjord kommune har tre kommunale barnehagar. Her er god barnehagedekning, men det er for lite plassar på Syltebøen barnehage. Her er det også behov for bygningsmessige tilpassingar, samt oppgradering av uteområdet. I Stordal er det bygt ny barnehage der eine avdelinga ikkje er tatt i bruk, så der er et ledig arealkapasitet. Ved Dalsbygda barnehage er der også bra med plass, men der

trengs å gjere tiltak utandørs. Fjord kommune har inngått avtale med Stranda kommune om barnehageplass for barn frå Liabygda, pr no har desse fått plass i Syltebøen barnehage.

Trykket på barnehageplass er pr no i første rekke knytt til Syltebøen. Likevel må ein ta høgde for ei ønska tilflytting gjennom store planar for næringsutvikling i kommunen. Fjord kommune har ingen menn tilsett i barnehagane, men tilgang på nokre mannlege vikarar. Det kan til tider vere utfordringar kring personalmangel.

Barnehagelova er styrande for barnehagen sin kvardag. Gjennom utarbeiding av lokal rammeplan for barnehagane i Fjord kommune, har ein valt å ha fokus på 2 sentrale tema dei første åra. Det er «Barns medverknad» og «Barns psykososiale miljø».

Grunnskulen

Utviklingstrekk

Fjord kommune opplever nedgang i elevtalet, og tre skular gir høge driftskostnader. Dette er på sikt dramatisk, utan tiltak som snur utviklinga vil endra skulestruktur vere eit faktum. Elevar frå Liabygda (Stranda kommune) går ved Valldal skule. Ein har godt kvalifiserte lærarar, per i deg skjer all undervisning med godkjent personell. Fagfornyinga – innføring av ny læreplan frå hausten 2020 er sentralt i arbeidet ved skulane. Vidareutdanning av lærarar skjer også i stort omfang. Leiarutdanning er også ei satsing, som skjer gjennom Dekomp i regi av Sunnmøre regionråd. Fjord vaksenopplæring held til ved Valldal skule. Ved utlysing av ledige stillingar har det dei siste åra vist seg å vere tilgang på godt kvalifiserte søkjarar til stillingane.

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng dannar grunnlag for opptak til vidaregåande skule og er ein samla poengsum berekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterar på vitnemålet. I Fjord kommune er gjennomsnittleg grunnskulepoeng for 2019/20 43,2, som er nøyaktig snittet for landet som heilheit og marginalt over snittet for Møre og Romsdal. Jentene i Fjord scorar litt høgare enn gutane, 43,6 mot 42,7.

Læringsmiljø og arbeid mot mobbing

Alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Fjord kommune er ei MOT-kommune, og det meste av dette arbeidet går føre seg i grunnskulen/ungdomstrinnet. Den årlege elevundersøkinga på 7. og 10. trinn viser at det fleste elevane har det trygt og godt på skulen. Enkelte episodar vert teke hand om etter §9-A. Generelt er elevane fornøgde med skulen ut i frå parametranne i undersøkinga. Det kan elles sjå ut til at elevane har mindre motivasjon for skulearbeid dei siste åra.

Kulturskulen

Kulturskulen er forankra og lovfesta i opplæringslova, og har eit breitt mandat som ressurs- og kompetansesenter. Kulturskulen er eit tenesteområde som bidreg inn i mange av tenesteområda i kommunen.

Kulturskulen har no

- om lag 100 elevplassar
- om lag 3 årsverk
- undervisning i Stordal, Eidsdal og Valldal
- tilbod stort sett innan fagområdet musikk; for tida flest elevar på piano, gitar og ulike korpsinstrument
- behov for og planar om utviding også til andre fagområde, som til dømes visuelle kunstfag og dans

- har etablert eit tilbod innan musikkterapi i Valldal, planar om utviding av dette til fleire grupper/stadar
- tilbyr dirigenttenester til skulekorpsa i kommunen, og samarbeider med korpsa om rekruttering og opplæring
- har hatt eit prøveprosjekt -Korps i Skulen- i samarbeid med Valldal skule og Valldal skulekorps (vart dessverre avbrote før tida grunna covid-19)

Vaksenopplæring

Valldal skule er ansvarleg for kommunen sitt ansvar for grunnleggjande e opplæring til vaksne og opplæring og kvalifisering for innvandrarar som nyleg har kome. Dette er lovpålagte oppgåver. Dette inneber norskopplæring for innvandrarar med rett og plikt, samt arbeidsinnvandrarar. Eventuelt norskopplæringskurs vert behovsprøvd om det ikkje er innvandrarar med rett og plikt til opplæring i kommunen.

I tillegg blir det gitt spesialundervisning til vaksne utviklingshemma.

Kjelder

barnehagefakta.no

skoleporten.no - Utdanningsdirektoratet

[Regjeringens Kompetansestrategi for barnehage 2018-2022](#)

Ungdata.no

[Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet](#)

[Foreldreundersøking i barnehagar](#) – Utdanningsdirektoratet

7. Utanforskap, likestilling og inkludering

Kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål nummer 1, 3, 5, 8, 10 og 17.



Utanforskap er eit aukande problem

Viktige årsaker til utanforskap kan vere psykiske helseproblem, rus- og alkoholproblem, fattigdom, manglande inkludering, omsorgssvikt, fråfall i vidaregåande opplæring, langvarig sjukefråvær, nedsett funksjonsevne, mobbing, arbeidsløyse og kombinasjonar av ein eller fleire av desse. Sett under eitt lever dei fleste innbyggjarane i Møre og Romsdal trygge og gode liv. Likevel er det for mange som av ulike årsaker står i utkanten av eller utanfor fellesskapet ([KS 2016](#)).

Folkehelseoversikta for Fjord viser at det er liten skilnad mellom dei tidlegare kommunane på område som påverkar grad av utanforskap, som utdanningsnivå og ulikskap i inntekt.

Utanforskap har både store individuelle og samfunnsmessige kostnader. Kommunar og innbyggjarar står overfor mange utfordringar og problem. Det er likevel mykje godt arbeid som blir gjort for å førebygge og avhjelpe utanforskap i kommunane (KS 2016). I kapittel 11 står det meir om faktorar som påverkar oppvekst og levekår.

Kommunalt ansvar


Kommunesektoren har ein unik posisjon til å førebygge og forhindre utanforskap. Kommunen er til stades der folk bur og lever sine liv. Lokalkunnskap, i kombinasjon med eit breitt spekter av velferdstenester, gjer at kommunane har mange verkemiddel som kan forhindre og førebygge utanforskap. Ein viktig føresetnad for å lukkast med førebygging av utanforskap, er at det er politisk vilje til å investere i innsats over tid, både når det gjeld økonomiske og menneskelege ressursar, og at lokalpolitikarane tek eigarskap til arbeidet.

Frivillige organisasjonar er viktige for integreringsarbeidet i kommunen. Regjeringa sin integreringsstrategi peikar særleg på frivillige organisasjonar som ein sentral aktør for å lukkast med kvardagsintegrering. Dei fleste kommunane som svarte i ei undersøking om dette samarbeidde med frivillige organisasjonar om integrering av innvandrarar. Dette handlar ofte om samhandling med frivilligsentralar om aktivitetar i samband med introduksjonsprogrammet, norskopplæring eller aktivitetar for barn.

Likestilling

Likestilling handlar ikkje berre om kjønn, men også om etnisk bakgrunn, religion, livssyn, alder, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk og kjønnsidentitet og sosial bakgrunn. Med unntak av kjønn, blir dimensjonane i liten grad målt på regionalt nivå. Møre og Romsdal er blant dei fylke som kjem lågast på fylkesrangeringa på Statistisk sentralbyrå sin årlege likestillingsindeks. Fleire av faktorene som blir målt viser seg å vere svært stabile over tid. Det gjeld særleg lønnsforskjellar og karriereval på vidaregåande skule. Samanlikna med landsgjennomsnittet er kjønnsbalansen i offentleg sektor den indikatoren Møre og Romsdal kjem svakast ut på. Ei av dei største utfordringane innan likestilling er knytt til deltidsarbeid blant kvinner. Figuren under viser likestillingsindeks for tidlegare kommunar samanlikna med fylket og landet (til nærare 1, til meir likestilling er det mellom kjønna).

Indikatorar for kjønnslikestilling - skår for Norddal og Stordal kommunar, Møre og Romsdal og landet 2019



Kjelde: SSB
09292

Kjønnsdelt arbeidsmarknad i Fjord kommune

Kommunestatistikken (2019) viser at Fjord har eit stort fleirtal av kvinner som arbeider innan helse- og sosialtenester og undervisning (347 kvinner og 73 menn), medan det er eit fleirtal av menn som arbeider innan primærnæringar, sekundærnæringar og sørvisnæringar (547 menn og 220 kvinner). Innan offentlig administrasjon og personleg tenesteyting er tala ganske jamne, 44 kvinner og 43 menn.

Kjelde: SSB - kommunestatistikk, Møre og Romsdal fylkeskommune

Om lag halvparten av sysselsette kvinner arbeider deltid

Ein av dei største likestillingsutfordringane er knytt til deltidsarbeid blant kvinner. 47,8 prosent av kvinnene og 18,3 prosent av mennene i Møre og Romsdal arbeidde deltid i 2018. Møre og Romsdal har framleis ein klart høgare del kvinner som arbeider deltid enn landsgjennomsnittet.

Tradisjonelle utdannings- og yrkesval

Gutar og jenter tek i stor grad kjønnsstradisjonelle utdannings- og yrkesval. Eit av hovudfunna frå evaluering av Kunnskapsløftet var at den vidaregåande opplæringa i Noreg er prega av kraftig segregering mellom jenter og gutar.

Kjønnsstradisjonelle utdanningsval bidreg til å oppretthalde ein kjønnsdelt arbeidsmarknad, skilnadar i løn, arbeidstid og arbeidsbelastning. På individnivå påverkar den kjønnsdelte arbeidsmarknaden kva val den enkelte har. På samfunnsnivå påverkar det rekruttering til yrke, næringar og sektorar. Elevane i Møre og Romsdal vel framleis tradisjonelt innanfor yrkesfaga, og det framleis er flest jenter (59 prosent) som vel studieførebuande utdanningsprogram. Våren 2020 var 10 prosent av søkarane til bygg- og anleggsteknikk jenter og 13 prosent av søkarane til helse- og oppvekstfag var gutar. (Fylkesstatistikk 2020).

Universell utforming

Universell utforming (UU) inneber at dei fysiske tilhøva blir utforma slik at dei i så stor grad som mogleg kan brukast av alle utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

Fjord kommune har ikkje samla oversikt eller datasett over status for UU i kommunen. Dei kommunale formålsbygga tilfredsstiller i stor grad krava til universell utforming, men på nokre punkt er det framleis manglar, som til dømes taktil merking for blinde og svaksynte og andre mindre avvik på enkelte eldre bygg.

På grunn av manglande kartlegging har administrasjon og politikk eit for dårleg grunnlag for å ta i vare universell utforming i vurdering av utbyggingar og utbetringar. Auka kunnskap og inkludering av ulike grupper i planleggingsprosessar vil bidra til at UU blir prioritert i alle saker. Ein føresetnad er at UU er ein faktor som blir teke med frå starten, og at dei som skal uttale seg også blir invitert tidleg inn i prosessen.

Krav til UU gjeld berre i byggverk for publikum og arbeidsbygning med tilhøyrande uteområde, opparbeidd uteområde for ålmenta, uteområde for bustadbygg med krav om heis, og uteområde for større bustadområde. Dei største utfordringane knytt til arbeid med UU er at regelverket ikkje er statisk og at det er utfordrande og kostnadskrevjande å forbetre løysingar i eksisterande bygg. Det finst heller ikkje system for tilsyn om krav til UU blir oppfylt.

Integrering – flyktningar og innvandrarar

Det norske velferdssamfunnet er bygd på tillit, samhald, små forskjellar og moglegheiter for alle. For å ta vare på dette må vi sørge for eit fellesskap med rom for mangfald og respekt for grunnleggjande verdiar og normer. Vi må hindre segregering og fremme fellesskap. Dette er viktig for å sikre den sosiale berekrafta i samfunnet.

Møre og Romsdal er på mange måtar avhengig av innvandringa frå utlandet. For det første for å fylle behovet for arbeidskraft i ei rekke sektorar. For det andre har innvandringa mykje å seie for folketalsveksten i fylket – utan innvandring ville fylket hatt ein nedgang i folketallet. For det tredje styrkjer innvandringa mangfaldet i store og små samfunn i Møre og Romsdal.



Diagrammet under viser tal på innvandrar etter land i Fjord. Kjelde: SSB – Kommunestatistikk Møre og Romsdal fylkeskommune

Barnevern

Barneverntenesta skal sjå til at barn og unge får naudsynt hjelp og omsorg gjennom å jobbe førebyggjande, for slik å hindre at barn og unge lever i omsorgssituasjonar som skadar liv og helse. Fjord kommune er for tida tilknytt Ålesund og Fjord barnevernsteneste.

Låginntekt

Tal personar i låginntektsfamiliar har i perioden 2012-2016 auka litt i Norddal, medan det har gått litt tilbake i Stordal. Begge kommunar har litt lågare prosentdel som har låginntekt enn resten av landet (2016). Totalt ser vi at dette utgjer 71 personar i 2015, der 43 av desse er barn under 18 år. Det er ikkje store endringar eller skilnadar på dei tidlegare kommunane, og vi ligg om lag på fylkessnittet. (Folkehelseoversikta 2019)


Deltaking i frivillig verksemd og kulturliv

Deltaking i frivillige organisasjonar varierer med bakgrunn. Frivillige lag og foreiningar er viktige for å utvikle møteplassar og fellesskap der alle kan delta på lik linje. Sosioøkonomisk status har tyding for om ein person deltek i frivillige lag og organisasjonar. Det har også ein eigenverdi for dei som deltek, og har stor samfunnsøkonomisk nytteverdi.

Barn av foreldre med høg utdanning deltek i større grad enn barn av foreldre med låg utdanning. Undersøkingar viser at dei som tek imot sosialhjelp er dei som deltek aller minst i organisasjonslivet. 52 prosent av ungdom med majoritetsbakgrunn er medlem i ein frivillig organisasjon, mot berre 36 prosent av ungdom med minoritetsbakgrunn (Wollebæk & Sivesind 2010).

Tal frå Ungdata viser at 63 prosent av ungdommane i 8.-10. klasse i Fjord er eller har vore med i frivillige lag og organisasjonar etter at dei fylte 10 år. Landsnittet er 65 prosent.

Kor mange gonger har du vore med på aktivitetar, møte eller øvingar i desse typane organisasjonar, klubbar eller lag i løpet av den siste månaden?



Ungdom i Fjord si deltaking i prosent. Gjeld aktivitetar i regi av frivillige lag.

Barnas supersommar

Fjord kommune har i 2019-2020-2021 fått midlar frå Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) til gjennomføring av Barnas Supersommar, gratis sommaraktivitetar for barn 7-18 år.

Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle skulesekken (DKS), Kulturrabatt for ungdom og Den kulturelle spaserstokken sørger for at barn, unge og eldre får oppleve profesjonell kunst og kultur. Alle elevar frå første klasse i grunnskulen til tredje steg på vidaregåande skule får oppleve profesjonell kunst og kultur gjennom DKS kvart skuleår. Ordninga er unik i verdssamanheng. Kulturrabatt for ungdom gjev unge i alderen 16-20 år rabatt på kulturopplevingar, til dømes kino og konsertar, og deltaking i idrettsaktivitetar og idrettsarrangement.

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) skal bidra til profesjonelle kunst- og kulturopplevingar innan alle sjangrar for seniorar ved å legge til rette for ulike typar tilbod på ulike kulturarenaar, seniorsenter, sjukeheimar og andre arenaar kor eldre er i kvardagen. Fjord kommune har fått midlar frå DKSS.

Kjelder

[Idehefte Frå utenforskap til inkludering](#) – KS 2016

[Kommuneundersøking 2019](#) – IMDI

[Regjeringas likestillingsmelding](#)

[Barn i lavinntektsfamilier](#) – Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

8. Kommunal planlegging

Kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål nummer 3, 10, 11, 13 og 17.



Hovudtrekk

Status

- Byar og større tettstadar vekst mest
- Sentraliseringa held fram – både lokalt, regionalt og nasjonalt
- Universell utforming blir ikkje teke godt nok i vare i kommunale planar og prosjekt
- Klimaendringar, urbanisering og sentralisering utfordrar arealforvaltning

Utfordringar

- Nødvendig tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid er utfordrande
- Vi har mange utdaterte arealplanar
- Ikkje langsiktige prioriteringar
- Forventa befolkningsnedgang i kommunen og auke i talet på eldre
- Stimulere til auka bustadbygging og bulyst i kommunen
- Oppfylle FN sitt berekraftsmål. 11 om berekraftige byar og samfunn
- Leggje til rette for at eldre kan bu godt

Mulegheiter

- Plan- og bygningslova gir kommunane og fylkeskommunen verktøy i arbeidet med å sikre berekraftig bustadbygging og ein heilskapleg bustadpolitikk
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er ein nøkkel
- Samhandling og samskaping mellom kommunar, næringsliv og sivilsamfunn
- Utvikle gode sentrum og gode uterom
- Utvikle gode transportsystem for gåande, syklende og kollektivtrafikk
- Auke deltaking og medverknad i kommunale prosessar og planer – kva vil innbyggjarane?
- Bruk av digitale plattformer til planlegging og medverknad
- Utvikle eldrevenlege samfunn
- Utvikle ein heilskapleg bustadpolitikk for nok bustadar til alle grupper i samfunnet

Kommunen som samfunnsutviklar

Samfunnsutviklinga går raskare og endringstrykket aukar. Kommunane er nærast innbyggjarane, lokale bedrifter og organisasjonar, og er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig utvikling. Klimaendringar, urbanisering og sentralisering utfordrar også samfunnsutvikling og arealforvaltning. Kommunane er i stadig større grad påverka av kva som skjer i nabokommunane, mellom anna som følge av auka mobilitet. Dette aukar behovet for plansamarbeid. Fleire av Fjord kommune sine utfordringar kan og må løysast ved auka samarbeid med nabokommunane.

Samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging er ein nøkkel for å lukkast med tettstadsutvikling. Det er svært mykje å hente på å planlegge på ein måte som legg til rette for gode og trygge opphaldsareal for alle aldersgrupper, og som samstundes gir god trafikkavvikling.


Arealplanlegging og -forvaltning

Arealforvaltninga blir kontinuerleg utfordra på korleis forvalte natur- og arealressursane og verdiane desse representerer opp mot andre interesser. Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp, hindre tap av natur og utvikle gode lokalsamfunn.


Eksisterande planar er ikkje tilfredsstillande. Nokre er unøyaktige, dei svarar ikkje ut dagsaktuelle problemstillingar/målsettingar og dei har sjølvmotsegjande føresegner. Mange reguleringsplanar er modne for revisjon og rullering, slik at arealforvaltninga blir lik i heile kommunen. Kommunen er gong med arbeidet for å få på plass eit ajourført og offentleg tilgjengeleg planoversikt ved bruk av digitale løysningar.

Arealbruk

Under 1 % av Fjord kommune sitt totale areal er utbygd. Av det utbygde arealet utgjer veger og anna infrastruktur majoriteten på 42 %, etterfølgd av bygg til næring, offentlig og privat tenesteyting. Av ubyggd areal utgjer open fastmark (39 %) og bart fjell, grus og blokkmark (29 %) majoriteten.



Arealbruk for utbygd areal i Fjord kommune. Kjelde: SSB tabell [09594: Arealbruk og arealressurser \(km²\), etter arealklasse, statistikkvariabel, år og egn](#).



Arealbruk for ubyggd areal i Fjord kommune. Kjelde: SSB tabell [09594: Arealbruk og arealressurser \(km²\), etter arealklasse, statistikkvariabel, år og region](#).

Næringsareal

Regulert og ubyggd næringsareal er noko kommunen har lite av. Ved pågåande sal av delar av regulert næringsareal på Vinjesanden i Stordal, vert det berre att mindre areal som delvis er privat eigd. I Valldal er det sett av 18.5 daa til industri, dette er i privat eige, og ved Eidsvatnet er det eit mindre kommunalt areal på 2.5 daa. For at kommunen skal stimulere til auka næringsverksemd er det viktig at kommunen er framtidsretta og sett av areal for framtidig næringsutvikling.

Tettstadutvikling


Fjord kommune er definert som en av blant de minst sentrale kommunen i landet i [SSB sin sentralitetsindeks 2020](#), med sentralitetsklasse 6 (1 er mest sentral og 6 er minst), og 65 % av innbyggerane i kommunen er busett i ein tettstad (SSB kommunefakta). Til tross for det vert store deler av kommunane opplevd som levande bygder med kort tilgang til dei mest naudsynte tenestene i dagleglivet, i tillegg til at eit rikt kultur- og friluftsliv er lett tilgjengeleg.

Bustader, bustadmarknad og bustadpolitikk

Busetting og bustadbehov

Fjord kommune eit stort fleirtal av einebustadar, noko som er naturleg ut frå naturgitte tilhøve og spreidd busetnad i distriktskommunar. Det er til saman 1100 registrerte einebustadar og 38 leilegheiter i Fjord kommune i 2020. Med eit folketal på 2502 (2020) og ein befolkningstettheit på 2

06265: Boliger, etter bygningstype. Boliger (bebodde og ubebodde), Fjord, 2020.



personar pr. km² så vil det seie at vi har god plass til å bu, og god plass til fleire.

Talet på bueiningar etter bygningstype. Kjelde: [SSB tabell 06265](#)

Fjord kommune sine bustadfelt er i stor grad lagt til bratte områder som ein bevisst strategi for å spare dyrkamark. Ein konsekvens av denne strategien er at mange av dei kommunale bustad-tomtene er bratte og kostbare å bygge på. Ved lave bustadpriser generelt i distriktet kan dette vere til hinder for at innbyggjarar og innflyttarar skal gå i gong med bustadbygging i kommunen. Kommunen må gjere ei vurdering av behovet for nye bustadtomter og kommunale bustadfelt.


I perioden 2017 til 2019 var det omsett totalt 58 bustader i kommunen (20 i gamle Stordal kommune og 38 i gamle Norddal kommune). I same periode vart det sett i gong 3 bustadbyggingsprosjekt i gamle Stordal kommune og 5 i gamle Norddal kommune. Det vart fullført 14 einebustader i gamle Norddal kommune og 5 einebustader pluss 4 rekkehus i gamle Stordal kommune i same periode. Samanlikna med resten av fylke i same periode var Fjord kommune den kommunen med færrest igongsette og fullførte bustader. (Fylkesstatistikken 2020)

Fritidsbustader

Fjord kommune kan kategoriserast som ein hyttekommune. Det var 972 fritidsbustader registrert i kommunen i 2020. Det er meir bygd areal brukt til fritidsbustad enn til bustad i kommunen. Kommunen er blant dei i fylket som har høgast omsetting av fritidsbustader (sjå figur nedanfor). Det

er store areal avsett til fritidsbustad spreidd i heile kommunen, med størst ansamling i Øvre Stordal og Valldal. Mykje av desse areala er ikkje utbygd i dag, det gjeld både regulerte og uregulerte områder. Av bygde fritidsbustader er det størst konsentrasjon i Øvre Stordal.

Norsk hyttekultur har forandra seg stort i løpet av dei siste 30 åra, det gjeld både etterspørsel, forventta standard på bustadene og krav til friluftstilbod i nærleiken av fritidsbustaden. Hytteutbygging legg beslag på store areal, og medfører i dag tilnærma like store natur- og terrenginngrep som bustadbygging for fastbusetting. I Fjord kommune utgjør hyttebygging majoriteten av verdiskapinga for, og miljøbelastninga frå, byggeverksemda i kommunen. Det er sterke krefter som bidreg til auka hytteutbygging og kommunen som planmynde har her ei viktig rolle for å setje dei ytre ramane for kvar og korleis ein kan byggje. Kommunen er og ein sentral aktør når det gjeld destinasjonsbygging.



Omsetning av fritidseigedomar i fylket i 2020. Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune /SSB.

Kommunale bustader

I Stordal har kommunen 19 plassar på Stordalstunet. I tillegg er det 5 vertikaldelte og frittliggande omsorgsbustader i bygda, totalt 10 leilegheiter, samt 4 omsorgsleilegheiter samla i eit bygg. I Valldal har kommunen 28 plassar på Valldal sjukeheim og rundt 30 leilegheiter/plassar for ulike persongrupper. I Eidsdal har kommunen 10 leilegheiter samla i eit bygg, samt to frittliggande leilegheiter. Standaren på bygga er varierende, og ein må rekne med vedlikehaldsarbeid.

Eldreomsorg og bustadplanlegging

Framskrivinga av folketalet og endringar i eldreomsorga viser at det kan bli behov for fleire bustadar i sentrumsområde for aldersgruppa 60+. Ein vil få kraftig auka i talet på eldre, samstundes som ein har eit lite dynamisk bustadmarknad med avgrensa nybygging og omsetning av bustader og innbyggjarar i eit desentralisert busettingsmønster som gjer lang reisetid for heimetenestene (NOVA rapport 5/20). Med færre institusjonsplassar, meir satsing på heimebaserte tenester og auka bruk av velferdsteknologi så vil det truleg bli etterspørsel etter meir praktiske og tilrettelagte bustadar i nærleiken av kommunesentera (eventuelt i fleire mindre bygdesentera).

Til no har folk på bygdene tradisjonelt vore avventande til å investere i ny bustad for eigen alderdom eller andre endringar i livssituasjonen. [NOVA sin rapport frå 2020](#) viste at det er ein stor forskjell mellom mobiliteten til eldre i bustadmarknaden i distriktet samanlikna med eldre i meir tettbygde strøk. Den lokale bustadmarknaden vart løfta fram som hovudgrunnen for at eldre i distriktet i mindre grad vel å bytte bustad. Det på grunn av at talet på tilgjengelege nye, lettstelte og meir tilrettelagte bustader ofte er avgrensa i distriktet, samstundes som prisdifferansen mellom eldre og

ny bustad er stor. Kommunen må legge til rette for bygging av tilrettelagde bustader i bygdesentera for å møte dei demografiske utfordringane, og samstundes auke dynamikken i bustadmarknaden.

Bustadsosialt arbeid

Ein trygg og stabil bustadsituasjon i trygge lokalmiljø er med og legg grunnlaget for ei god helse og deltaking i arbeidslivet og i samfunnet generelt. Både fysisk og psykisk helse kan bli påverka av kvalitet på bustad og bustadområde. God inneklima og nok areal har også stor innverknad.

Kommunane har eit bustadsosialt ansvar for at alle i kommunen skal kunne bu trygt og godt. Det er difor viktig med kunnskap om kva behov innbyggjarane har for bustad både no og i framtida, slik at ein kan utnytte areala til bustadutbygging på rett måte. ([Meld. St. 19 - Mestring og muligheter](#))

I desember 2020 la regjeringa fram ny nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken - *Alle treng ein trygg heim (2021 - 2024)*. Den nasjonale strategien legg opp til tre andre prioriterte mål:

- Fleire skal kunne eige eigen bustad
- Leige skal vere eit trygt alternativ
- Sosial berekraft i bustadpolitikken

NAV har ansvar for å finne eit mellombels bustadtilbod til personar som er i ein akutt situasjon. NAV har også ansvar for tilbod om bustønad gjennom Husbanken. Kommunen har ansvar for å hjelpe til med bustad for personar med psykiske lidningar eller rusmiddelproblem. Gjennom Husbanken sine økonomiske støtteordningar skal kommunen hjelpe dei som treng stønad til å kome seg inn i bustadmarknaden, til å tilpasse bustad til spesielle behov eller har behov for økonomisk stønad til å betale leige for bustad. Ordningane er regulert av lovverket.

Kjelder

<https://www.ssb.no/kommunefakta/fjord> - SSB kommunefakta for Fjord kommune

<https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/sentralitetsindeksen.oppdatering-med-2020-kommuner> - Sentralitetsindeksen 2020

<https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2020/05/Mobilitet-blant-eldre-pa%CC%8A-boligmarkedet.pdf> – NOVA Rapport 5/20

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-2014-2015/id2402807/> - Melding til Stortinget 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter.

[Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024 - regjeringen.no](#) - Nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken 2021- 2024

[1578 Fjord des.pdf](#) - Kommunestatistikk - Møre og Romsdal fylkeskommune/SSB

9. Kultur, idrett og frivillig innsats

Kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål nummer 3, 5, 8, 9, 10, 11 og 17.



Hovudtrekk

Status

- Kultur er ei drivkraft for å utvikle gode lokalsamfunn for innbyggjarar og tilreisande
- Vi er stadig mindre fysisk aktive
- Ein sterk og variert frivillig sektor og stor frivillig innsats er viktig for kommunen
- Dei fleste ungdommane er fornøgde med lokalsamfunnet sitt

Utfordringar

- Aktivitetsnivået går ned med alderen og nedgangen startar tidlegare enn før – allereie ved niårsalderen. Held dette fram kan vi vente at fleire får livsstilrelaterte sjukdomar.
- Det er stort fråfall i idretten, men fleire driv eigenorganisert aktivitet
- Berre 30 prosent av vaksne oppfyller nasjonale anbefalingar om fysisk aktivitet
- Grupper i samfunnet fell utanfor kulturaktivitet, både som publikum og deltakarar
- Endra demografisk samansetting og busettingsmønster vil innverke på både kulturtilbod, frivillig sektor og utbygging av kulturbygg og bygg og anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Mulegheiter

- Samarbeid mellom innbyggjarar, kommune, næringsliv, academia og frivillig sektor for utvikling av nye tenester og modellar for drift innan ulike område av kulturfeltet
- Inkludere fleire i kulturlivet
- Det er stort potensiale for verdiskaping med utgangspunkt i kultur og næring.
- Fjord kommune er eit ynda reisemål, og i dette ligg eit stort potensiale for samarbeid mellom kultur og reiseliv.

Kultur – ei drivkraft for å utvikle gode lokalsamfunn

Kultur, idrett og frivillig aktivitet har stor eigenverdi og er viktige bidrag til identitet, bulyst og rekruttering. Det blir viktig å inkludere fleire, både som publikum og deltakarar, for å skape eit meir mangfaldig kulturtilbod og identitet til lokalsamfunnet. Dette bidreg til betre folkehelse. I tillegg blir dei ei utfordring med endra busettingsmønster og demografisk samansetning. Reisemønsteret endrar seg, og ein oppsøker kulturtilbod på tvers av kommunegrensar. Fjord kommune har eit rikt kulturliv i alle bygdelaga.

Det skal utarbeidast ein kulturplan for Fjord kommune. Tidlegare Norddal kommune har hatt ein slik plan tidlegare.


Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Møre og Romsdal har ei rik og variert kulturhistorie. Mangfaldet av kulturminne, kulturmiljø og landskap er viktige ressursar for samfunnet, og kan bidra til både miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping.

Fjord kommune er godt i gang med utarbeiding av kulturminneplan som skal gje oversikt over kulturminneverdiane i kommune, og skal vere eit viktig verktøy i kommunal planlegging. Vi har

mange kulturminne av både nasjonal, regional og lokal verdi. Ein finn oversikt i regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi.

Fråflytting, gjengroing og forfall gjer at meir og meir kulturlandskapspleie må bli gjort på dugnad. Klimaendringane kan også påverke rammer for arbeidet med friluftsliv og reiseliv. For å kunne minimalisere årleg tap, sikring og vedlikehald av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø er ein avhengig av vern gjennom bruk. Eigarane av kulturminne er den avgjerande faktoren for om ein skal lykkast med vern av kulturminna. I mange høve er det ikkje mangel på medvit om føremålet med kulturvern som er problemet, men tilgangen på ressursar for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane.




Både Riksantikvaren og Kulturminnefondet løyver midlar til kulturverntiltak. Det har vore store svingingar i tildelinga til Fjord.

Tildeling av midlar frå Riksantikvaren og Kulturminnefondet til aktørar i Fjord kommune 2019. Kjelde: Kulturindeks 2020

Bibliotek

Å drive bibliotek er ei lovpålagt oppgåve og ein viktig del av kunnskaps- og kulturpolitikken i Noreg. Biblioteka skal ta vare på det kulturelle mangfaldet, styrke demokratiet, fremme inkludering og verne om ytringsfridomen og livskvaliteten til den enkelte. Biblioteka gir alle lik tilgang til informasjon, kunnskap, litteratur og kulturelle opplevingar. Mange stader er biblioteket det kulturelle senteret i kommunane og fungerer som ein viktig møteplass, som bidreg til å utjamne sosiale og digitale skilnader. Samlingane, og rolla som møteplass og aktive kunnskaps- og kulturformidlarar gjer folkebiblioteka til unike, samlande og demokratiske samfunnsinstitusjonar i alle lokalsamfunn.

Fjord bibliotek har hovudbibliotek i Valldal, og filialar i Stordal og Eidsdal.



Biblioteket ligg høgt på utlånsstatistikken, både regionalt og nasjonalt.

Utlånsstatistikk. Kjelde: Norsk kulturindeks

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Å vere fysisk aktiv kan gje glede, meistring, opplevingar, tilhøyrighet, sosialt samvær, livskvalitet, fridom og moglegheit til å utfalde seg ut i frå egne føresetnader. I tillegg til betre livskvalitet og helse for den enkelte, har det betydning for berekrafta til samfunnet. Demografiske endringar, sentralisering, urbanisering og klimautfordringar endrar korleis vi legg til rette for samfunn og omgjevnadar som fremmer fysisk aktivitet.

Folk flest er for lite aktive. Aktivitetsnivået går ned med alderen og nedgangen startar tidlegare enn før – allereie ved niårsalderen. Aktivitetsnivået blant barn og unge i Møre og Romsdal ligg 3 prosent under landsgjennomsnittet. 30,3 prosent av den vaksne befolkninga (over 15 år) i Møre og Romsdal oppfyller dei nasjonale anbefalingane om fysisk aktivitet.

Den organiserte aktiviteten er svært viktig, men stadig fleire ønskjer å drive med aktivitet utanfor rammene av eit idrettslag. Den eigenorganiserte aktiviteten er viktig for å auke fysisk aktivitet i befolkninga. Bygging av anlegg som stimulerer til frileik og eigenorganisert aktivitet i nærmiljøet er difor viktig. Sett opp mot aktiviteten slike anlegg genererer, er dei lite kostnadskrevjande og gjev mykje god folkehelse for pengane.

Turstiar og friluftslivsaktivitetar er av dei mest brukte aktivitetsformene i befolkninga, og aukar med alder. Friluftslivsaktivitetar er viktig for folkehelsa, for trivsel og for samfunnsøkonomien. Møre og Romsdal er lik landet når det gjeld trygg tilgang til rekreasjonsareal og godt over landsgjennomsnittet når det gjeld tilgang til nærturterreng.

Fjord kommune er medlem i [Sunnmøre friluftsråd](#). Friluftsrådet jobbar for å legge til rette for eit aktivt friluftsliv for alle innbyggjarane i kommunane, gjennom utstrekt samarbeid med lag, organisasjonar, kommunar og fylkeskommunen. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og Sunnmøre Friluftsråd har no ansvaret for å administrere Stikk UT! i tett samarbeid med kommunane, frivillige, Statsforvaltaren og Møre og Romsdal fylkeskommune

Stikk UT! har inspirert mange til å gå på tur og oppleve naturen. Frivillige har gjort ein stor innsats med å beskrive turar og skilte og merke turmåla.

Anlegg

Fjord har mange anlegg for idrett og fysisk aktivitet (**kor mange?**) Fullstendig oversikt og meir informasjon finn du i [anleggsregisteret](#).



Anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Fjord kommune 2020. Kjelde: anleggsregisteret.no

Det har vore sendt inn mange og gode søknader om spelemidlar. Fylkesstatistikken viser at Fjord kommune har fått god utteljing. I perioden 2016 – 2020 har det vore sendt inn 72 søknader med med ein samla søknadssum på 102.507.000 kr. Tildelt sum i perioden er 12.385.000 kr. Dette tilsvarar eit tilskot på 4.859 per innbyggjar.

Kjelde: Kulturdepartementet

Fordeling av spelemidler til kommunane i perioden 2016–2020

Kommune	Tal søknadar					Søknadar i perioden	Søknadssum	Tildelt	Folketal*	Tilskot per innb. 2016-2020
	2016	2017	2018	2019	2020					
Kristiansund	23	13	12	13	12	73	66 911 250	29 790 000	24 179	1 232
Molde	28	36	42	40	37	183	212 445 803	47 859 000	31 967	1 497
Ålesund	42	35	43	31	35	186	319 048 500	67 656 000	66 258	1 021
Vanylven	3	3	2	4	5	17	17 067 000	5 022 000	3 117	1 611
Sande	2	2	1	1	4	10	5 352 000	2 653 000	2 461	1 078
Herøy	6	8	5	8	6	33	115 836 000	24 341 000	8 900	2 735
Ulstein	13	19	19	13	11	75	210 498 000	14 528 000	8 571	1 695
Hareid	1	2	2	3	2	10	13 206 422	5 600 000	5 175	1 082
Ørsta	5	5	8	8	10	36	144 157 735	28 306 428	10 825	2 615
Stranda	11	11	9	4	2	37	27 977 040	12 177 040	4 523	2 692
Sykkylven	4	4	1	7	4	20	16 878 000	7 771 000	7 625	1 019
Sula	10	13	9	6	13	51	35 698 000	13 937 000	9 310	1 497
Giske	11	14	17	15	11	68	99 700 988	17 939 000	8 462	2 120
Vestnes	4	2	7	3	3	19	46 762 000	13 845 000	6 532	2 120
Rauma	14	14	10	11	19	68	54 288 250	15 508 000	7 468	2 077
Aukra		2	6	2	2	12	24 461 000	4 761 000	3 509	1 357
Averøy	3	3	3	4	6	19	20 601 227	6 245 000	5 788	1 079
Gjemnes	3	2	4	5	4	18	6 957 000	3 081 000	2 629	1 172
Tingvoll	2	1	1	1	4	9	20 477 185	1 741 185	3 025	576
Sunnadal	6	5	12	13	10	46	27 838 000	10 627 000	7 036	1 510
Surnadal	9	10	6	8	8	41	27 621 000	8 128 000	5 920	1 373
Smøla	3	1	2	3	6	15	6 457 000	2 734 000	2 150	1 272
Aure	5	10	8	7	4	34	30 270 300	7 623 000	3 507	2 174
Volda	6	12	13	11	13	55	113 575 000	13 361 000	10 473	1 276
Fjord	17	16	13	12	14	72	102 507 000	12 385 000	2 549	4 859
Hustadvika	26	23	23	16	15	103	42 287 288	17 712 400	13 279	1 334
Totalt	257	266	278	249	260	1 310	1 808 878 988	395 331 053	265 238	1 490**

Nøkkeltal spelemidler 2016 – 2020. Kjelde: Fylkesstatistikk 2020

Frivillig arbeid

Ein sterk og variert frivillig sektor og stor frivillig innsats er ikkje berre sentrale berebjelkar i kulturlivet og i utvikling av kommunen. Dei har også ei viktig rolle i å skape mangfald, engasjement og inkluderande lokalsamfunn. Frivillig innsats er også ein grunnpilar i barn- og ungdom si organiserte fritid. Den utgjer eit viktig supplement til offentleg tenesteyting på velferdsfeltet, er avgjerande for å ivareta gode bumiljø og er eit viktig bidrag til sosial integrasjon og vedlikehald av demokratiet.

Den frivillige innsatsen aukar, men vilje til å ta verv og andre driftsoppgåver har gått ned. Meir vekt på frivillig innsats og mindre på lojalitet til enkeltorganisasjonar har ført til at frivillige spreier engasjementet sitt meir enn før. Medlemsrekruttering har vorte utfordrande og krev meir målretta innsats enn tidlegare.

Kjelder

[Norsk kulturindeks](#) – Telemarksforsking

[Anleggsregisteret](#) – Temasider for tilskot til idrettsanlegg, kulturbygg og friluftslivsbygg

Turportalen morotur.no

[SSB](#)

[Fylkesstatistikk 2020](#)

10. Helse og omsorg

Kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål nummer 3, 5, 8, 9, 10, 11 og 17.



Hovudtrekk

Status

- På grunn av demografiske og epidemiologiske utviklingstrekk, helsetilstand og sjukdomsspreiing vil det vere stort behov for omstilling i, og utvikling av, kommunale tenester i åra som kjem.
- Vi kan ikkje oppretthalde ytingane som i dag, og produksjonen av helse- og omsorgstenester må løysast på nye måtar for å vere berekraftige.
- Fleire overlever alvorleg sjukdom som igjen fører til behov for auka tenester – t.d. seinskadar som følgje av behandling
- Auke i aldersrelaterte sjukdomar og demens

Utfordringar

- Auka behov for førebyggjande og helsefremmande arbeid
- Auka tal på yngre brukarar med mange ulike og samansette behov
- Auka behov for kompetanse for å sikre god habilitering og rehabilitering
- Auka tal på eldre med kroniske og samansette behov
- Auka tal på personar med demenssjukdom
- Auka behov for koordinering og samhandling for å sikre tverrfagleg kompetanse
- Auka behov for ei differensiert bustadmasse for å sikre å stette alle trinn i omsorgstrappa – frå førebyggjande til meir indikerte nivå
- Knappheit på uformelle omsorgsytarar.
- Utfordringar i forhold til rekruttering av fagutdanna helsepersonell.
- Reduksjon i kommunen si økonomiske ramme innanfor helse og omsorg

Moglegheiter

- Førebygging og tidleg innsats
- Aktiv brukarmedverknad og pårørandeinvolvering
- Kompetanse og rekruttering
- Tverrfagleg samarbeid og koordinerte tenester
- Berekraftig utvikling og innovasjon
- Ei framtidsretta organisering og dimensjonering av tenestene
- Samarbeid med frivilligheita
- Sørge for at fleire kan bu heime lengst mogleg
- Førebygging framfor reparasjon – sørge for kvardagsrehabilitering og kvardagsmeistering
- Omstilling av tenester og arbeidsmetodikk

Kommunen sitt ansvar

Kommunen skal sørge for at personar som bur og oppheld seg i kommunen har tilbod om naudsynte helse og omsorgstenester. Kommunen sitt ansvar omfattar alle pasientar og brukargrupper.

Utforming av morgondagens tenestetilbod må sette brukaren i sentrum, betre samhandlinga og koordineringa mellom tenestene, og ta i bruk ny teknologi og nye digitale løysingar som frigjer ressursar og aukar livskvaliteten til brukaren. Det skal utarbeidast plan for helse og omsorg.

Utviklingstrekk

Fleire eldre

Talet på eldre aukar og vil føre med seg auka behov for ressursar og spesialiserte tenester, og det vil bli fleire brukarar under 67 år med behov for helse- og omsorgstenester. Mange brukarar vil ha fleire diagnosar og nedsett funksjons- og meistringsevne med konsekvensar for fleire område i livet. Utvikling av medisinsk behandling fører til at folk blir redda frå, og lev lengre med, alvorleg sjukdom. Dette gjer at delar av helse- og omsorgstenestene må behandle kognitive, somatiske og psykiske følgeplagar etter alvorleg sjukdom framfor sjukdomen i seg sjølv. Kravet til meir spesialisert kompetanse i sjukeheimar vil auke.

Å legge til rette for at fleire kan bu i eigen heim lengst muleg vil vere viktig. Dette gjeld for alle aldersgrupper, ikkje berre eldre.

Brukarmedverknad

«Fremtidens helse- og omsorgstjeneste skal være pasientens og brukerens tjeneste der hovedregelen er at ingen beslutninger om meg som pasient, skal tas uten meg. (Meld. St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste). Nasjonale føringar er tydelege på at kommunen sine tenester skal utvikle seg i lag med pasientane, brukarar og pårørande. Brukarar skal få større innflytelse over eigen kvardag, gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod. Målet er å skape tenester som bidreg til at kvar enkelt tenestemottakar får ivaretatt sine grunnleggande behov og moglegheiter til å leve eit aktivt og godt liv i fellesskap med andre.

Stor utfordring å rekruttere kvalifisert personell til helse- og omsorgstenesta

Ei av dei største utfordringane kommunen har for framtidige helse- og omsorgstenester er, utanom økonomi, å skaffe, mobilisere og utvikle naudsynt kompetanse gjennom rekruttering av kvalifisert personell. Krav til behandling, rehabilitering og habilitering av stadig meir kompliserte tilstandar, krev meir spesialisert kunnskap i kommunen.

Ei utfordring er at kompetansen ofte er låst til ein spesifikk tenestestad eller målgruppe, og at det i liten grad blir gjort nytte av ulik kompetanse på tvers av einingar og tenester.

I tillegg til å rekruttere nye, må kommunen også behalde og vidareutvikle dei medarbeidarane tenesta til ei kvar tid har. Effektive rekrutterings- og kompetansetiltak inneber kostnader på kort sikt, men avkastning på lang sikt. Systematisk satsing på kompetanse er avgjerande for måloppnåing og verdiskaping, for å sikre at kommunen og den enkelte medarbeidar har og gjer seg nytte av kompetansen. Strategiar og tiltak for rekruttering og kompetanseheving må vere langsiktige for å gje avkastning.

Rekruttering må starte i ungdomsskulen, og det må bli gjeve gode praksisplassar for elvar, studentar og lærlingar som kan bidra til rekruttering inn i tenestene. Talet på lærlingplassar må gjenspegle kven og kor mange kommunen har behov for.

Frivilligheit

Samfunnet står overfor store omsorgsutfordringar i åra som kjem. Disse kan ikkje bli løyst av dei kommunale helse- og omsorgstenestene aleine, men vil krevje at vi leiter fram, mobiliserer og kan ta i bruk samfunnet sine samla omsorgsressursar på nye måtar.

Velferdsteknologi og digitalisering

I NOU 2011:11 («Innovasjon i omsorg») blir velferdsteknologi definert slik: *"Med velferdsteknologi menes først og fremst teknologisk assistanse som bidrar til økt trygghet, sikkerhet, sosial deltakelse, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet, og styrker den enkeltes evne til å klare seg selv i hverdagen til tross for sykdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsatt funksjonsevne. Velferdsteknologi kan også fungere som støtte til pårørende og ellers bidra til å forbedre tilgjengelighet, ressursutnyttelse og kvalitet på tjenestetilbudet. Velferdsteknologiske løsninger kan i mange tilfeller forebygge behov for tjenester eller innleggelse i institusjon."*

Velferdsteknologi vil kunne redusere behovet for anna helsehjelp. Dei kommunale helse- og omsorgstenestene har til ein viss grad tatt i bruk velferdsteknologi, men potensialet og store for å auke omfanget betydeleg. Det er også eit potensiale i at den enkelte innbyggjar tek i bruk velferdsteknologi utan at kommunal teneste blir involvert.

Koordinerte tenester og tverrfagleg samarbeid

Alle skal oppleve tenestene som tilgjengelege, trygge, heilskaplege og koordinerte. Trass i dette rapporterer mange brukarar at tenestene er for lite tilgjengelege og blir opplevd som lite samanhengande. Kommunen må fortsette arbeidet med å sikre god pasientflyt og ha god dialog med ulike samarbeidspartar (som t.d. Helseføretaket). For å sikre gode tenester er det viktig at koordinerande eining har rett kompetanse og dimensjonering. Det blir arbeidd med harmonisering av tenestene.

Kvalitetsreforma «Leve hele livet»

Stortingsmelding nr 15 (2017-2018) «Leve hele livet. En kvalitetsreform for eldre» har som målsetting å gi eldre ein trygg og aktiv alderdom. Hovudsatsingsområda i reforma er:

- Eit aldersvennleg Norge
- Aktivitet og fellesskap
- Mat og måltid
- Helsehjelp
- Samanheng i tenestene

Reforma bygg på kva tilsette, eldre, pårørende, frivillige, forskarar og leiarar har sett fungerer i praksis. Kva som løfter kvaliteten på tenestene og bidreg til trygg, verdig alderdom. Reforma «Leve hele livet» skal bidra til:

- Fleire gode leveår der eldre beheld god helse lenger, opplever at dei har god livskvalitet, og at dei i større grad meistrar eige liv, samtidig som dei får den helsehjelpa dei trenger når dei har behov for den.
- Pårørende som ikkje blir utsliten, og som kan ha ein jamn innsats for sine nærmaste.
- Tilsette som opplever at dei har eit godt arbeidsmiljø, der dei får brukt sin kompetanse og gjort ein fagleg god jobb.

Målgruppa er eldre over 65 år, både dei som bor heime og dei som bur i institusjon. Dette er ei målgruppe med ulike føresetnadar og store variasjonar i behov og ønsker. Reformperioden starta 1. januar 2019 og varer fram til 2023.

Demensomsorg

Det er i Norge ca. 80.000 som er ramma av demenssjukdom. Dei fleste er over 80 år, og desse får etter kvart som sjukdommen utviklar seg omfattande bistandsbehov. Langtidsopphald i institusjon er i hovudsak den tenesta som blir ytt til denne brukargruppa. Pårørande sin innsats til demente er betydeleg. Det er behov for meir avlastning for pårørande, og meir kunnskap om kva som skal til av gode tilbod for å dempe behovet for langtidsopphald i institusjon. Det er viktig å ha tilbod i alle deler av omsorgstrappa (aktivitetstilbod, avlastning, forsterka tilbod i institusjon m.m.) til personar med demenssjukdom og deira pårørande.

Bu og habilitering

Tenestetilbodet i Bu- og habilitering rettar seg mot menneske med nedsett funksjonsevne, og har som mål å tilby fagleg forsvarelege tenester etter gjeldande lovverk og forskrifter.

Praktisk hjelp, personleg hjelp og målretta miljøarbeid i heimen. Ein skal tilrettelegge for den enkelte sitt behov for bistand gjennom dagtilbod, heildøgnsoppfølging og veiledning i bolig, støttekontakt, brukarstyrt personleg assistanse, avlastningstilbod og fritidsaktivitetar. Målet er å bidra til eigenmeistering, ivareta den enkelte sitt behov for heilheitleg omsorg, legge til rette for eit aktivt liv, miljøretta tiltak og aktivitetar, skape trivsel, og å oppretthalde eit best mogleg funksjonsnivå.

Legetenester

Det er fast legekontor i Valldal og Stordal, og legedagar ved behov på omsorgsbustaden i Eidsdal.

I mai 2020 utarbeidde Helse- og omsorgsdepartementet «Handlingsplan for allmennlegetjenesten. Attraktiv, kvalitetssikker og teambasert 2020-2024». Handlingsplanen er i samsvar med overordna føringer i stortingsmelding nr 26 (2014-2015) «Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet» og i stortingsmelding nr 15 (2017-2018) «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre».

Barnevern

Barnevernet har eit særleg ansvar for å gi rett hjelp til rett tid, til dei barna som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling.

Fjord med er med i eit interkommunalt samarbeid om barnevernstenester med Ålesund kommune. Hausten 2019 vart det etablert ei interkommunal barnevernvakt for Sunnmøre, eit samarbeid mellom 13 kommunar der Ålesund kommune er vertskommune.

Kjelder

[Demenskartet](#) - Aldring og helse, Nasjonalt kompetansetjeneste

[Meld. St. 15 \(2017-2018\) Leve heile livet](#) – en kvalitetsreform for eldre

[Kostra](#)

[Fylkesstatistikk 2020](#)

11. Folkehelse

Status

I folkehelsearbeidet er et eit overordna mål å redusere sosiale skilnadar i helse og helsevanar. Samstundes er det viktig å hindre reproduksjon av sosial ulikskap i helse. Gode oppvekst- og levekår er viktige premisser for helse, trivsel og livskvalitet.

Folkehelselova pålegg alle kommunar å legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid. Som grunnlag for dette skal kommunen ha naudsynt oversikt over helsetilstanden til befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne.

Kommunen skal utarbeide eit skriftleg oversiktsdokument som ein del av kunnskapsgrunnlaget for planstrategien (jf. folkehelselova § 5). Dette kapittelet er eit samandrag av [Folkehelseoversikt for Fjord kommune 2019-2023](#), utarbeidd 2019.

Faktorar som hemmar folkehelsa i Fjord

- Folketal: 372 færre innbyggjarar frå år 2000. Framskriving til 2040: venta nedgang på 585 innbyggjarar
- Generell sentraliseringstrend i samfunnet
- Innvandring: 300 innbyggjarar med innvandrarbakgrunn. Nettoinnflytting -143 på 15 år.
- Alderssamansetning venta utvikling er færre barn, unge, yrkesaktive, fleire eldre, mange 80+
- Hushald med låginntekt: 43 barn budde i hushald med låginntekt i 2015
- Bustadsosialt: Fjord har ansvar for å hjelpe vanskelegstilte med eigna bustad. Manglar plan.
- Tilgang på utleigebustadar
- Uføre: 8,5 % i Fjord, landsgjennomsnittet på 9,7 %
- Arbeidsplassdekning mellom 80 og 95 %
- Få sysselsette innan statleg og fylkeskommunal verksemd
- Få innbyggjarar med høgare utdanning, 20 - 23 %
- På ungdomssteget gruar 10 % seg ofte for å gå på skulen
- Gjennomføringsgrad av yrkesfagleg utdanningsprogram, ca. 50 % fullfører etter 5 år.
- Trygg skuleveg, gang- og sykkelvegnett. Skuleskyss: 62,5 % i Norddal/ 20,6 % i Stordal
- Trafikktettleik sommarstid: Svevestøv, bakkenært ozon, støy
- Trafikktryggleik: Smale og svingete vegar og tunnelar, vegkryss, rasfare vinterstid
- Auke i talet på smittsam sjukdom lokalt og i samfunnet generelt
- Status drikkevassforsyning/ overflatevatn/ private brønnar
- Radonførekomst
- Støy i barnehage, tilsette nyttar øyreproppar
- Kulturtilbod til ungdom
- Kollektivtransport
- Mobbing i ungdomsskulen
- Ungdom og bruk av røyk, eksperimentering med cannabis og opplevd alkoholrus
- Røyking blant kvinner
- Ungdom og bruk av reseptfrie midlar kvar veke
- Vald/ trussel om vald/ slåstkamp i ungdomsskulen
- Ungdom, dataspel og bruk av sosiale media
- Overvekt
- Folkesjukdom: lunge/ kols, demens, muskel og skjelettplage, kreft
- Førekomst av psykiske symptom (ikkje psykisk lidning)
- Fornøgd med eige helse: 70 – 75 %

Faktorar som fremmar folkehelsa i Fjord

- Mange einbustadar, god plass å bu
- Høgt skår frå elevar på 10. årsklasse på støtte frå lærarane, fagleg utfordring og trivsel
- Tilgang turstiar, grøntareal og rekreasjonsområde i nærleik der folk bur
- Sentrumsarenaer og tryggleik i nærmiljøet
- Trening som aktivitet for unge. Treffpunkt/ lokale å treffe andre unge
- Frivillige lag og organisasjonar
- Å ha ein fortruleg venn
- Ungdom er fornøgd med foreldra sine
- Motivasjon for læring i skulen/ oppleving av meistring
- Oppvekstsektor, m.a. barnehage, skule, musikkskule, SFO, PPT og barnevern
- Kultursektor, m.a. idrettsanlegg, bibliotek, frivilligsentral, barnas kommune
- Helse og omsorgssektor, m.a. helsestasjon, psykisk helsepersonell, overgrepsmottak
- Næringsutvikling, m.a. Fjordhagen, hoppid og vekst-kommune
- Arbeidsplassar og kollegaer
- Heimane, slekta, naboar og venner
- MOT- kommune

Utfordringar og ressursar, det som hemmar og det som fremmar god folkehelse, skal danne grunnlag for det vidare folkehelsefokuset i nye Fjord kommune. Dette ved å sjå materielle og sosiale ressursar, risikofaktorar og tenester i samanheng.

Hovudområde for vidare satsing

Prosessmøtet om folkehelseoversikta (23.09.2019) gav desse hovudområda for vidare satsing:

Påverknadsfaktorar vurdert i prosessmøte og av fagpersonar	Hovudområde
Nedgang i folkemengd/folketalsutvikling	Folketalsutvikling
Tilgang på utleigebustadar/omsorgsbustadar / rimelege tomter	
Tilgang på lokale arbeidsplassar/ kompetansearbeidsplassar/ bedrifter	
Bruk av sosiale media	Sosiale helseforskjellar og livsstilsutfordringar
Rus	
Inntektsforskjellar/ sosial ulikskap	
Trygge gang- og sykkelveggar for kvardagsaktivitet	
Overvekt og fedme 17-åringar	
Støy og støv frå gjennomgangstrafikk	
	Einsemd og utanforskap
Møteplassar for sosialt fellesskap, både formelle og uformelle	
Isolasjon, einsemd, åleinebuande	
Relasjonskompetanse / språkkompetanse – frå barnehagealder	
Mobbing	
Tilgang til kollektivtransport	
Psykisk helse - symptom og lidningar	

Kjelder

Folkehelseoversikt for Fjord kommune 2019-2023 https://www.fjord.kommune.no/_f/p51/id0f96faa-8449-4304-a0b5-e4725b919950/folkehelseoversikt-2019-2023.pdf

Folkehelseprofil for Fjord kommune 2021

<https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/>

<file:///C:/Users/krst/Downloads/Folkehelseprofil-2021-nb-1578-Fjord.pdf>

12. Demokrati og medverknad

Kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål nummer 10, 11, 16 og 17.



Hovudtrekk

Status

- Nær halvparten av medlemmane i dei kommunale medverknadsorgana for eldre, funksjons- hemma og ungdom opplever at dei har ganske liten påverknad på sakene dei behandlar
- 65 % nyttar røysteretten ved siste kommuneval
- Auka politisk deltaking utanfor tradisjonelle kanalar

• Utfordringar

- Kvinner og innvandrarak er underrepresentert i politikken
- For lite og for lite systematisk medverknad frå innbyggarak, næringsliv, akademia og frivillig sektor i kommunale planprosessar


• Mulegheiter

- Styrking av skulen og frivillige organisasjonar som arenaer for demokratiforståing og demokratierfaring
- Legge til rette for reell medverknad i kommunale prosessar og prosjekt
- Skape nye arenaer for medverknad – digitale og fysiske
- Styrke statusen til ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Styrke politikaropplæringa

Valdeltaking

Ved kommunestyrevalet i 2019 var valdeltakinga i Fjord kommune på 64,9 prosent, kor 28,3 prosent var førehandsstemmer. Det er litt over landsgjennomsnittet for deltaking i kommunestyreval som er 64,7 %. Ved fylkestingvalet same år var valdeltakinga på 57,7 prosent i Fjord kommune.


Valdeltaking per kjønn for fylkesting- og kommunestyrevalet 2019 var 61,4 prosent for menn og 68,4 for kvinner. Høgast valdeltaking er det for aldersgruppa 45 til 79 år, og lågast for dei mellom 20 og 24 år. Valdeltakinga i Fjord kommune var høgare enn fylkesgjennomsnittet som var 58.2 % for kommunevalet og 52.7 % for fylkestingvalet.



Valdeltaking etter alder for kommunestyre- og fylkestingvalet i 2019 i Fjord kommune. Kjelde: [SSB tabell 12812](#)


Kilde: Statistisk sentralbyrå

Valdeltaking blant innvandrarak i kommunen var vesentleg lågare enn blant resten av befolkninga. Blant innvandrarakane som stemte ved valet i 2019 var det betydeleg fleire menn enn kvinner.



Valdeltaking i kommunestyre- og fylkestingval i prosent etter innvandringskategori for Fjord kommune 2019. Kjelde: [SSB tabell 12183](#).

Det var ein nedgang i kvinnerepresentasjonen i kommunestyra etter valet i 2019 og Møre og Romsdal har lågast andel av alle fylka i landet. Personrøystene må ta ein del av skulda (mrfylke.no). Gjennomsnittet i kommunane er 36,4 prosent, landsgjennomsnittet er 40,1 prosent. Fjord kommune har ein kvinnedel på 34,7 prosent, med 15 menn og 8 kvinner.



Kvinnedel i kommunestyra i Møre og Romsdal 2019 i prosent. Kjelde: [Fylkesstatistikken 2020](#)

Barn og unge sin representant

Kommunestyret skal etter Plan- og bygningslova §2-2 sørge for å etablere ei særskild ordning for å ta i vare interessene til barn og unge (0-18 år) i planlegging. Barn og unge sin representant er deira talsperson i den kommunale plankvardagen, og skal ta i vare barn og unge sine interesser i planarbeid og byggesaksbehandling.

Barn og unge sin representant skal sjå til at kommunen følgjer opp retningslinjer for å styrke interessene til barn og unge i planlegging og bidra til at barn og unge kjenner sine rettar slik at dei sjølv kan kome med innspel. Barnerepresentanten har møterett og talerett i alle kommunale råd og utval. Barn og unge sin representant er for tida tilsett ved Eidsdal skule.

Kjelder

mrfylke.no

[SSB statistikkbank](#)

[Politisk deltakelse utenfor tradisjonelle kanaler](#) – Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

[Elevundersøkinga 2019](#) - skoleporten.no/Utdanningsdirektoratet

[Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i planlegging](#)

[Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030](#)

FN sine berekraftsmål – Økonomisk dimensjon

13. Verdiskaping, innovasjon og teknologi

Dette kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål 4, 8, 9, 11, 12 og 17.



Hovudtrekk

Status

- Vi vil møte større krav til effektivitet og ei meir brukarvenleg og open forvaltning
- Nye verksemder er viktig for omstilling
- Det offentlege kjøper varer og tenester for 500 mrd. kroner per år, og har stor definisjonsmakt som innkjøpar
- Tilgjengeleg digital informasjon blir i for liten grad brukt systematisk

Utfordringar

- Tilgang på kvalifisert arbeidskraft er kanskje den viktigaste faktoren for framtidig verdiskaping i regionen (både fagarbeidarkompetanse og personar med høg formell kompetanse)
- Mangel på digital kompetanse er ei stor utfordring for digital utvikling i kommune-Norge.
- Digitalisering av tenester og tilbod kan bidra til utanforskap
- Krav til digital infrastruktur og riktig og nok utstyr er kostnadskrevjande
- Varierende digitale ferdigheiter

Mulegheiter

- Prioritere innovasjon og utviklingsprosjekt gjennom innovasjonsleing
- Innovasjon i tenesteutvikling, til dømes utvikling av økonomi- og finansieringssystem for tverrsektoriell innsats
- Samskape med næringsliv og frivillig sektor
- Digitalisering gir store moglegheiter for korleis vi kan produsere tenester
- Deling av data vil kunne bidra til auka kunnskap, verdiskaping, auka effektivitet, openheit og transparens
- Bruk av digitale plattformer til planlegging og medverknad
- Systematisere og bruke tilgjengelege data som grunnlag for administrative og politiske prioriteringar og vedtak

Digitalisering

Krav om meir berekraftige løysingar vert ein stadig sterkare drivar for samfunns- og næringsutvikling. Sentralisering, urbanisering, klimaendringar, aldrande befolkning, digitalisering og endringar i verdas økonomiske tyngdekraft gjer behovet for samarbeid enno større. I strategiar og satsingar frå EU og nasjonalt hald, er det stadig meir fokus på at næringslivet saman med offentlig sektor og forskingsmiljø skal medverke til å løyse dei store samfunnsutfordringane.

Den teknologiske utviklinga utgjer både løysingar og utfordringar for kommunane. På den eine sida kan teknologien bidra positivt til å utvikle tenestene gjennom å forenkle og gjere tilboda meir tilgjengelege. På den andre sida krev teknologien både kunnskap og kompetanse om korleis tenestene kan gjere seg nytte av denne.

Mangel på digital kompetanse er ei stor utfordring for digital utvikling i kommune-Norge. 42 prosent av kommunane seier at manglande kompetanse i svært stor grad er til hinder for utviklinga av deira digitale tenester. Kommunane nyttar seg av digitale tenester i mykje større grad enn dei tilbyr digitale tenester sjølv. Få kommunar tilbyr avanserte digitale tenester, så på dette området er det eit stort potensial for vidareutvikling.

Verkemiddelapparat

Fjord kommune har nyleg vedteke strategisk næringsplan som viser retning for korleis arbeidet med næringsutvikling skal løysast framover. Hovudmålet er gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv.

Fjordhagen og Vekst i Stordal er sentrale bidragsytararar for kommunen, både når det rettleiing, forretningsutvikling, som støtteapparat og forvaltning av næringsfondet.

Hoppid.no er ei unik førstelinjeteneste for gründerane. Gjennom hoppid.no tilbyr kommunane rettleiing til gründeren og koplar han/ho vidare mot Innovasjon Norge eller andre miljø som kan utfordre og hjelpe bedrifta vidare med forretningsutvikling. Det er Fjordhagen som gir denne tenesta i Fjord kommune.

Kjelder

[Meld. St. 18 \(2018-2019\) Helsenæringen – Saman om verdiskaping og bedre tjenester](#)

[Fylkestatistikk 2020](#) - Møre og Romsdal fylkeskommune

[Innovasjonsbarometer 2020](#) – KS

[Digitaliseringsdirektoratet](#)

Strategisk næringsplan for Fjord kommune

14. Arbeidsmarknad, pendling og næringsstruktur

Dette kapittelet omhandlar tema som er i tråd med FN sine berekraftsmål 5, 8, 9, 11 og 17.



Hovudtrekk

Status

- Treng vekst i næringslivet for å sikre verdiskaping og berekraft
- Ulik næringsstruktur i dei tidlegare kommunane
- 1280 arbeidsplassar og 1308 sysselsette, arbeidsplassdekning 97,8%
- Arbeidsmarknaden er kjønnsdelt


Utfordringar

- Sårbart næringsliv i delar av kommunen
- Det er utfordrande å rekruttere nok arbeidskraft med rett kompetanse
- Om lag halvparten av alle sysselsette kvinner arbeider deltid
- Flest kvinner er sjukemeldt

Mulegheiter

- Etablere fleire lærling- og praksisplassar
- Sørge for tilstrekkeleg og riktig næringsareal og næringsbygg
- Utvikle eksisterande bedrifter
- Satse på nye næringer og utvikle ein meir fleksibelt og mangfaldig næringsliv/arbeidsmarknad
- Auke talet på nyetableringar og auke overlevingsgraden
- Utvikle heiltidskultur
- Tiltrekke kompetanse til nye kompetansesarbeidsplassar
- Legge til rette for auka likestilling og inkludering i arbeidslivet
- Sikre tilgang på relevant kompetanse
- Samarbeide med nabokommunar om utvikling av og tilrettelegging for næringslivet

Næringsstruktur i Fjord kommune




Figur 1 Oversikt over kva sektor innbyggjarane arbeider i. Kilde SSB april 2021. <https://www.ssb.no/kommunefakta/fjord>

Arbeidsplassdekning

Frå 2000 har talet på arbeidsplassar i Noreg auka med 19 prosent. Talet på arbeidsplassar i det offentlege har auka jamt, og har hatt ein vekst på 27 prosent i same periode. Talet på arbeidsplassar i privat sektor har auka med 15 prosent i perioden.

Arbeidsplassdekninga i Møre og Romsdal er stabil. Arbeidsplassdekning er talet på arbeidsplassar i forhold til talet på arbeidstakarar. Arbeidsplassdekning på meir enn 100 prosent i ein kommune betyr at talet på arbeidstakarar som arbeider i kommunen, er større enn talet på arbeidstakarar som er busette i kommunen. Arbeidsplassdekninga i Møre og Romsdal er 96,3 prosent. Figuren under viser arbeidsplassdekning i kommunar i Møre og Romsdal 2018 (Fylkesstatistikk 2019). Tal for nye kommunar (2020 -) er å finne i [Fylkestatistikk](#) (Møre og Romsdal fylkeskommune). Arbeidsplassdekninga i Fjord kommune er 96,7 %.

Arbeidsplassdekning i Møre og Romsdal 2019



Figur 2 Arbeidsplassdekning i Møre og Romsdal 2018. Fjord har 95-100% arbeidsplassdekning. Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

Arbeidsmarknad og sysselsetting

Arbeidsmarknaden i Møre og Romsdal er prega av låg arbeidsløyse og stor etterspørsel etter arbeidskraft. Mange arbeidsgjevarar har vanskar med å rekruttere personar med fagkompetanse.

Sysselsetting

Sysselsette personar etter arbeidsstad 2015-2019 per 4. kvartal:

	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2015-19		Endring 2018-19	
						Tal	Prosent	Tal	Prosent
Fjord	1242	1273	1240	1309	1280	38	3,1	-29	2,2

(Fylkesstatistikk/Kommunestatistikk)

Arbeidsløyse

Tal for 2020 er både på nasjonalt nivå og fylkesnivå sterkt prega av smitteverntiltak og ringverknader, og Møre og Romsdal hadde ved utgangen av juli 2020 131% fleire heilt eller delvis ledige i forhold til same tid året før. Fjord hadde i følgje fylkesstatistikken 2% heilt ledige og 1,8% delvis ledige i juli 2020. Dette kan samanliknast med fylket sine 4,1 % heilt ledige og 2,5% delvis ledige, og landet forøvrig med 4,8% og 2,5%. Industri, reiseliv, transport og sal er sterkt prega. Jordbruk, skogbruk og fiske skil seg ut med å ha lav auke i ledigheita.

År	2015	2016	2017	2018	2019
Geografi					
Hele landet	2,1	2,3	2,2	1,8	1,7
Møre og Romsdal	1,8	2,4	2,5	1,9	1,8
Fjord	1,7	1,8	0,7	0,9	1,0

Kjelde: [Arbeidsløyse \(mrfylke.no\)](https://www.mrfylke.no)

Pendling

Pendling er ei arbeidsreise der arbeidstakar kryssar minst ei kommunegrense mellom heim og arbeid.

Pendling per 4. kvartal 2019.

	Sysselsette som pendlar inn	Sysselsette som pendlar ut	Innpendling i prosent av sysselsette	Utpendling i prosent av busette
Norddal	200	212	24,6	25,7
Stordal	195	213	42	44,2

Kjelde: [Pendling \(mrfylke.no\)](https://www.mrfylke.no)

Pendling



Kilde
Sysselsetting, registerbasert, Statistisk sentralbyrå

Kjelde: <https://www.ssb.no/kommunefakta/fjord> - SSB kommunefakta for Fjord kommune

Nyetableringar

I 2019 vart det registrert 2404 nye føretak i Møre og Romsdal, der Norddal hadde 12 av dei og Stordal hadde 7. Etableringsgrad er eit mål som blir nytta for å samanlikne etableringsaktiviteten på ulike området, og er talet på nyregistrerte føretak i forhold til eksisterande føretak.

Etableringsgraden i Møre og Romsdal var i 2019 13 prosent, for landet 16 prosent. Til samanlikning

låg Stordal kommune på 7 prosent og Norddal på 8 %. Ein annan måte å måle nyetableringar er per 1000 innbyggjar. Her ligg landsgjennomsnittet på 12, fylket på 9 og Fjord kommune på 7.

	Føretak	Nyetableringar	Etableringsgrad	Nyetableringar per 1000 innbyggjar
Stordal	104	7	7	7
Norddal	152	12	8	7
Fylket	18817	2404	13	9
Landet	423062	65600	16	12

15. Innbyggjarundersøking

Fjord kommune har fått god hjelp frå Distriktssenteret og Møre og Romsdal fylke i planprosessen, og Distriktssenteret har hjulpet oss med å gjennomfør ei grundig innbyggjarundersøking.

Oppsummering

918 personar deltok

Av desse: 290 fritidsinnbyggjarar

99 som er frå Fjord , men som jobbar eller studerer i annan kommune

Kva er dei viktigaste berekraftmåla for Fjord kommune?

Innbyggjarane i Fjord kommune rangerer desse berekraftmåla som viktigast for Fjord kommune:

- **God helse og livskvalitet**- dette berekraftmålet vert gitt høgast verdi av alle aldersgrupper med unntak av for aldersgruppa 16 – 19 år, der God utdanning vert rangert litt høgare.
- **Industri, innovasjon og infrastruktur**
- **Anstendig arbeid og økonomisk vekst**
- **Samarbeid for å nå måla**

Kva seier innbyggjarane om å bu i Fjord kommune i framtida?

Dei som bur og arbeider i Fjord kommune i dag:

Dess eldre personen er, dess sikrare er vedkomande på å bli buande.

MEN: det er eit gjennomgåande trekk at det er svært få – også blant dei unge – som seier at dei er sikre på at dei ikkje skal bu her.

Verdt å merke seg kor mange i aldersgruppene opp til 25 år som er opne: svarar verken/eller.

Dei som har fritidsbustad i Fjord kommune:

Om lag 60 personar oppgir at dei ganske sikkert eller heilt sikkert ønskjer å bu i Fjord kommune i framtida. 100 personar svarer verken /eller. Det er flest pensjonistar som oppgir at dei kan tenkje seg å bu her, men også ca 10 personar i aldersgruppa 35 – 49 år.

Om lag 30 personar oppgir at dei ofte arbeider frå fritidsbustaden

Omlag 76 personar oppgir at det ville vere attraktivt å bruke hytta som heilårsbustad. Om lag 40 av desse i alderen 50 – 66 år

Betre breidbandsdekning vert nemnt som viktig for alle aldersgruppene.

Sosialt nettverk vert særleg nemnt av dei yngste

Kontorfellesskap kan vere aktuelt for 23 % (25 – 40 personar svarer heilt einig eller litt einig)

Betre kulturtilbod

God eldreomsorg er viktig for mange – og for alle aldersgruppene, 61 % svarer litt einig eller einig til at dette er viktig for å gjere det meir attraktivt å flytte til Fjord kommune

Av dei som pendlar inn (15 respondentar) svarer om lag halvparten verken/eller på spørsmålet. 20% (3 personar) ønskjer ganske sikkert å bu her.

Dei som er frå Fjord kommune, men studerer eller arbeider i annan kommune: (99 svar)

15 er sikre på at dei vil bu i Fjord kommune

27 er ganske sikre

38 er opne, verken/eller

Ca 40% i aldersgruppene mellom 20 – 34 år svarer verken /eller på om dei ønskjer å bu i Fjord kommune i framtida. Om lag 50 % seier at dei er ganske sikker eller heilt sikre på at dei ønskjer å bu her i framtida!

Dette er ei viktig gruppe for Fjord kommune å halde kontakt med: Vi må vite meir om kva som er avgjerande viktig for denne gruppa!

Kva er dei viktig for at du skal ønske å bu i Fjord kommune?

Viktig for aldersgruppene 20 – 34 år, samla sett, er

- Godt barnehage tilbud (50 – 72 %)
- Godt skuletilbod (58 – 78 %)
- Gode helsetenester (73 – 85 %)
- Høve til friluftsliv (72 – 76 %)
- Idretts og aktivitetstilbod for born (76%)

Viktigast for Pensjonistgruppene: Viktig/avgjerande

- Helsetenester (59 – 78 %)
- Friluftsliv (63 – 78 %)
- Kulturtilbod for vaksne (47- 54 %)

Det ser ut til at denne aldersgruppa er relativt fornøgd med tilboda som er i dag- fungerer veldig bra/bra eller OK)

Elles:

Samla sett er folk minst fornøgd med busstilbodet og mest fornøgd med høve til friluftsliv. Utover dette kan ein hevde at folk synest tenestene fungerer ok -eller betre enn det -på dei fleste områda.

Kva type bustad er mest aktuelt for deg?

Rekkehus kan vere litt aktuelt for aldersgruppene 20 – 34 år, elles lite aktuelt

Det same gjeld for **leiligheiter**

Familievennleg leiligheit er likevel veldig aktuell for om lag 30 personar, fordelt over fleire aldersgrupper opp til 66 år. Flest i aldersgruppa 50 – 66 år. (12 personar)

Småbruk eller gard

187 personar (av 519) svarer at småbruk eller gard er litt aktuelt eller veldig aktuelt. Interessant er det å sjå at: Om lag halvparten 47 – 54 % i aldersgruppene 20 – 34 år oppgir at det er litt aktuelt eller veldig aktuelt å bu på gard/småbruk. 27 respondentar i desse gruppene seier det er veldig aktuelt

Eige eller leige?

For alle aldersgruppene gjeld det å eige sin eigen bustad. Å leige er veldig aktuelt for berre 10 personar av 508 respondentar. Tar vi med kategorien Litt aktuelt, blir det om lag 40 personar. På spørsmålet om ein saknar ein bustad å leige, er dette i hovudsak aldersgruppa 20 – 24 som nemner dette, men ikkje fleire enn 3 – 4 personar.

Kva vert rekna som viktige kvalitetar ved bumiljøet?

- Tilrettelagde turstiar (77 %) veldig attraktivt for 49%
- Ha det stille og roleg (77 %) veldig attraktivt for 48%
- Å ha gode møteplassar/leikeplassar/fellesområde i nærleiken er attraktivt for 73 % og veldig attraktivt for 28 %
- Nærleik til fjorden er attraktivt for 65 %, veldig attraktivt for 34 %

Dei fleste melder at dei har den bustaden dei ønskjer deg/ den bustaden som er tilpassa behovet
Om lag 15 personar melder at så ikkje er tilfelle. 6 av desse er i aldersgruppa 25- 34 år
Ca 35 personar oppgir at det er for stor risiko å kjøpe eigen bustad i Fjord kommune.

Kva må til med omsyn til jobb?

- Fleire jobbalternativ er avgjerande, særleg for aldersgruppene mellom 20 – 34 år, men viktig for alle i yrkesaktiv alder.
- Ein sikker arbeidsplass er viktigare enn å få drøymejobben (37 – 79% seier dette er heilt avgjerande. Viktigast for aldersgruppene 20 – 34 år)
- Arbeid til partner er også viktig, viktigast for aldersgruppene 20 – 24 år
- Mange oppgir at dei er usikre på om partnaren kjenner til dei jobbalternativa som finst i dag
- Mange oppgir at dei er usikre på eller har lite kunnskap om mulegheitene for å få støtte til å etablere sin eigen arbeidsplass
- Berre om lag 100 av dei 593 respondentane (17%) seier at dei kjenner godt til ulike jobbar og arbeidsplassar (offentlege og private i Fjord kommune i dag) 213 av respondentane seier dei i liten grad kjenner til jobbmarknaden.

Ungdommen etterlyser:

- Fleire sommarjobbar for å gjere seg kjent
- At bedrifter informerer ungdomsskuleelvane om kva som finst av jobbar
- Felles nettside der offentlege og private jobbar annonserer ledige jobbar

Dette samsvarer godt med innspel frå andre aldersgrupper.

Kva er viktig med omsyn til det sosiale livet i Fjord kommune?

Gode uformelle møteplassar

Pensjonistane er den gruppa som mest fornøgd med omsyn til gode uformelle. Aldersgruppene under 34 år er dei gruppene som er minst fornøgd med uformelle møteplassar

Får du vere deg sjølv?

Dei aller fleste opplever å få vere seg sjølv fullt ut, men ca 50 personar seier seg heilt eller litt usamd i den påstanden. Vi finn dette i dei fleste aldersgruppene, prosentvis flest i aldersgruppa 16 – 19 år. Fordelt på bygdene, ser vi at det i alle bygdene er nokon som kjenner på at dei ikkje får vere seg sjølv fullt ut.

Trygge nettverk

Dei yngste og dei eldste aldersgruppene oppgir i noko større grad at dei har trygge nettverk. I aldersgruppa 35 – 49 år er det berre 33 % som seier at dei er heilt einig i at dei har eit trygt nettverk.

Blir invitert med på aktivitetar:

Dei unge vert i stor grad invitert med, men vi bør vere merksam på aldersgruppene 20 – 24, 25 – 34 år - i tillegg til dei over 76 år!

Fritidstilbod.

Det ser ut til at det for aldersgruppa 20 – 34 år kan vere litt vanskeleg å gjere seg kjent med kva for fritidstilbod som finst.

I kva grad identifiserer innbyggjarane seg med Fjord kommune?

Glad for å vere frå Fjord kommune?

65 % av alle som har svart, seier svarer at dei er litt enig, ganske enig eller heilt enig i at dei er glade efor å vere frå Fjord kommune.

23 % seier at dei er litt ueinig, ganske ueinig eller heilt ueinig i påstanden

Resten av dei spurte, 22%, svarer verken/eller på spørsmålet.

Haldninga til dette spørsmålet er nokså likt når det gjeld alle bygdene, men med ei litt meir avventande haldning i Eidsdal og Tafjord.

Eg føler sterke band til andre som bur i Fjord kommune

63 % av dei som svarar, seier dei er Litt enig, ganske enig eller heilt enig i at dei kjenner sterke band til andre som bur i Fjord kommune.

14 % er litt eller heilt usamd i dette

22 % svarer verken/ eller.

Det er dei yngste aldersgruppene som er minst enig i denne påstanden.